

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtested:** Teamsmøte  
**Dato:** 15.11.2021  
**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til Eldrid Nedrelo eller Kari Sveen.  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Ragnhild Momrak i Dronninga landskap AS vil i starten av møtet presentere status for deira arbeid med Utsiktspunkt Vettisfossen.

## Saksliste

| Utvalgs-<br>saksnr | Innhold  | Lukket | Arkiv-<br>saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| ST 37/2021         | Godkjenning av innkalling  |        |                  |
| ST 38/2021         | Referatsaker   |        |                  |
| RS                 | Innspel i samband med synfaring - Fornya konsesjon for kraftutbygginga Fortun - Grandfaste   |        | 2021/9240        |
| RS                 | Gjendebåten/Statistikk 2021  |        | 2019/18641       |
| RS                 | Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi  |        | 2021/10842       |
| RS                 | Utladalen landskapsvernområde - Helikopterflyging i Utladalen 30. juli - Vurdering av forholdet - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen                    |        | 2020/3317        |
| RS                 | Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 7. oktober. 2021  |        | 2019/12439       |
| RS                 | Kopi av brev frå Miljødirektoratet - Vurdering av aktuelle tiltak på eksisterende turistforeningshytter i verneområder   |        | 2021/6460        |
| RS                 | Underretning til klager - Jotunheimen NP - ulovlig dronefilming i Hurrungane   |        | 2021/3184        |
| RS                 | Underretning til klager - Jotunheimen NP - ulovlig droneflyging - Besseggen  |        | 2021/6059        |
| ST 39/2021         | Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2021 - Etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen - Stiftinga Utladalen Naturhus                                |        | 2019/12439       |
| ST 40/2021         | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Oppsummering av innspel til forvaltningsplan og besøksstrategi - Godkjenning av prosjektplan for revisjonsarbeidet |        | 2019/5553        |
| ST 41/2021         | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Søknad om tiltaksmidler 2022   |        | 2021/11581       |
| ST 42/2021         | Eventuelt  |        |                  |

## **ST 37/2021 Godkjenning av innkalling**

## **ST 38/2021 Referatsaker**

|  |                   |
|--|-------------------|
| <b>Innspel i samband med synfaring - Fornya konsesjon for kraftutbygginga Fortun - Grandfaste</b>  | <b>2021/9240</b>  |
| <b>Gjendebåten/Statistikk 2021</b>   | <b>2019/18641</b> |
| <b>Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi</b>   | <b>2021/10842</b> |
| <b>Utladalen landskapsvernområde - Helikopterflyging i Utladalen 30. juli - Vurdering av forholdet - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen</b> | <b>2020/3317</b>  |
| <b>Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 7. oktober. 2021</b>   | <b>2019/12439</b> |
| <b>Kopi av brev frå Miljødirektoratet - Vurdering av aktuelle tiltak på eksisterende turistforeningshytter i verneområder</b>                            | <b>2021/6460</b>  |
| <b>Underretning til klager - Jotunheimen NP - ulovlig dronefilming i Hurrungane</b>  | <b>2021/3184</b>  |
| <b>Underretning til klager - Jotunheimen NP - ulovlig droneflyging - Besseggen</b>   | <b>2021/6059</b>  |

|                  |               |                |                |       |            |
|------------------|---------------|----------------|----------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2019/12439-54 | Saksbehandlar: | Eldrid Nedrelo | Dato: | 08.11.2021 |
|------------------|---------------|----------------|----------------|-------|------------|

|   |                  |                 |
|---|------------------|-----------------|
| <b>Utval</b>                                    | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 39/2021          | 15.11.2021      |

## Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2021 - Etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen - Stiftinga Utladalen Naturhus

### Innstilling frå forvaltar

Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre gjev Prosjektgruppa for utsiktspunkt Vettisfossen v/ Stiftinga Utladalen Naturhus løyve til

- å rive det forfalne gjerdet og utsiktsplattforma ved Vettisfossen
- å etablere eit nytt utsiktspunkt like ved eksisterande anlegg
- å legge om stien som fører ut til det nye utsiktspunktet, og
- å sikre med rekkverk langs stien som er lagt om fram mot utsiktspunktet.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 bokstavane e) og n) og § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ.

Det er lagt særleg vekt på at oppføring av ei ny utsiktsplattform og sikring med rekkverk, og revegetering ikkje vil påverka verneformålet og verneverdiane nemneverdig, samt at omlegging av stien kombinert med oppsetting av enkle informasjonsskilt som erstatning for den gamle og forfalne installasjonen ikkje vil kome i strid med verneformålet eller verneverdiane.

Dispensasjonen vert gjeven med følgjande vilkår:

- Utsiktspunktet skal etablerast i tråd med opplysningar gitt i dispensasjonssøknaden frå Utladalen Naturhus, og teikningar frå skisseprosjektet v/Dronninga Landskap.
- Plasseringa skal vere som vist i skisseprosjektet.
- Det skal utarbeidast detaljplan for arbeidet. Detaljplanen skal i tillegg til detaljavklaringar også vise korleis prosjektet vil følgjast opp i byggeperioden.
- Detaljplan/anleggsplan og ein samla motorferdselsplan skal leggjast fram for nasjonalparkstyret for endeleg godkjenning før nokon tiltak blir sett i verk.
- Inngrepsone ved plattforma skal dokumenterast og godkjennast ved detaljplan.
- Riggområdet i tilknytning til plattforma skal plasserast slik at ein har mest mogleg skjerming mot direkte innsyn frå kanten av fossejuvet og turstien i området. Skogen i området kan vurderast som skjerm og dette avklarast i detaljplanen.
- Riggområdet skal plasserast slik at ein unngår negativ påverknad på evt. verdifulle førekomstar av furu.
- Terrenginngrep skal avgrensast til det som er heilt nødvendig, og inngrep kring plattforma og evt. riggplass skal jamnast til og leggjast til rette for revegetering. Detaljplanen skal skildre korleis revegetering i området vil bli gjennomført.
- Vegetasjonsmassar skal leggjast til side og takast vare på, og brukast som toppdekke for revegetering av alle terrenginngrep.
- Evt. uføresett arbeid/tiltak på arbeidsstaden under byggeperioden skal avklarast fortløpande med nasjonalparkforvaltar/nasjonalparkstyret.

- Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne
- Urskogprega furuskog og hole tre og stammar som er eigna som buplass for fuglar skal ikkje fellast, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3.
- Plan for oppsetting av skilt skal godkjennast i detaljplanen.
- Dersom det ved detaljplanlegging viser seg at vilkåra ikkje kan oppfyllest fell dispensasjonen bort, evt. skal det varslast om avvika og det må sendast ein endringssøknad.
- Det skal ryddast opp etter avslutta anleggsarbeid, og alt av materiale, reiskap, avfall osv. skal fjernast.
- Før byggestart må det vere avklara kven som er eigar av installasjonane (utsiktspunkt, gjerde og skilt). Eigar er ansvarleg for å fjerne anlegget (utsiktspunkt, gjerde og evt. skilt) dersom det fell ut av bruk.

### Andre forhold

Årdal kommune skal vurdere byggesøknaden i medhald av plan- og bygningslova. Vidare er det ein føresetnad at grunneigar gjev samtykkje til tiltaket.

Når det gjeld gjennomføringsplanen skal motorferdsel handsamast både av nasjonalparkstyret etter verneforskrifta, og av Årdal kommune som myndigheit etter motorferdsellova. For oppfølging i anleggsfasen må plan for byggjemøte ligge føre i god nok tid til at nasjonalparkforvaltar og/eller SNO skal kunne delta ved behov.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad om utskifting av utsiktsplattform frå Utladalen Naturhus datert 05.11.21
- Presentasjon av skisseprosjekt datert 4. oktober 2021 v/Dronninga Landskap, DIFK og ingeniør Tore Valstad
- Utladalen landskapsvernområde – Utsiktspunkt Vettisfossen – Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen til Dronninga Landskap og Utladalen Naturhus datert 25.05.2021.
- Vettisfossen – Notat for modellering og resultater fra digital sprekkekartlegging, Teknisk notat – NGI
- Utsiktspunkt Vettisfossen – Presentasjon av Mulighetsstudie – 16. desember 2020 – Dronninga landskap
- Ingeniørgeologisk vurdering av fundamentforhold ved Vettisfossen, Rapport frå Norconsult levert til oppdragsgjevar Årdal Utvikling 29.08.2018
- Supplering til sårbarheitsvurdering 21.04.21 – Sårbart fugleliv - Uttale fra ornitolog Geir Høitomt
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – Forslag til organisering av prosjekt og samarbeidsavtale sak 5/2020
- [Mulighetsstudie – Desember 2020 - Utsiktspunkt Vettisfossen - Dronninga Landskap](#)
- [Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Finansiering og Stiarbeid - Referat frå møte med DNT Oslo og Omegn 13.01.21](#)
- Utladalen landskapsvernområde – Utsiktsrampe ved Vettisfossen – Behov for oppgradering – Referat frå synfaring 21. juni 2019
- Verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14

### Søknaden

Stiftinga Utladalen Naturhus søker med dette om lov å skifte ut eksisterende utsiktsplattform og gjerde ved Vettisfossen med en ny plattform og gjerde - i samsvar med planer lagt frem av Dronninga

Landskap. Viser også til annet eksisterende grunnlagsmateriale i prosjektet. Ytterligere detaljer vil bli lagt frem for Nasjonalparkstyret så snart detaljplan er ferdig utarbeidet.

## Formålet med tiltaket

Den eksisterende plattformen er i dårlig forfatning. Vi ser derfor fjerning og nybygg som nødvendig. Området rundt fossen og plattformen er prega av slitasje. Med ny plattform er målet å kanalisere ferdsele og hindre ytterligere slitasje. Samt å legge til rette for trygg ferdsel på stedet. Det skal også utføres revegetering i området.

## Eksisterende utsiktspunkt og gjerde

Ved toppen av Vettisfossen står det en utsiktsplattform og et gjerde mot kanten av fossejuvet som var etablert før området ble verna i 1981. I 2002 og i 2009 ble det utført reparasjoner på installasjonene. Utsiktspunktet og gjerdet på kanten av fossejuvet ut mot Utladalen er nå i en slik forfatning at det må erstattes av eit nytt anlegg. Vettisfossen har ei slik attraksjonskraft at en ser fjerning som heilt uaktuelt. Bilene nedenfor illustrerer dagens situasjon i området.



Figur 1: Bilde viser noe av slitasjen på eksisterende plattform    Figur 2: Slitasje på eksisterende plattform og gjerde

## Skildring av nytt utsiktspunkt

Dronninga Landskap AS i samarbeid med Dipl.-Ing. Florian Kosche AS og Ingeniør Tore Valstad er engasjert av Stiftinga Utladalen Naturhus for å planlegge et nytt anlegg.

Det er vektlagt å begrense fotavtrykket og samtidig plassere fundamentene på trygg berggrunn.

Selve utsiktspunktet kan beskrives som en forlengelse av stien helt frem til stupkanten. Det er det et poeng at konstruksjonen ikke fremstår som en stor utkraging, men at den oppleves som en tilrettelagt og trygg konstruksjon som gir mulighet for å gå helt frem til kanten på en trygg måte slik at man får se hele fossen. Målet er at konstruksjonen tilbyr den best mulige utsikten mot fossen, samtidig som den fremstår som en enkel og elegant konstruksjon.

Det er vektlagt å begrense fotavtrykket, men samtidig plassere fundamentene på trygg berggrunn.

Konstruktivt er løsningen trukket tilbake fra stupkanten for å unngå posisjoner der det kan være sprekkdannelse i berget. På denne måten er løsningen rent konstruktivt en utkraging som følger profilen i terrenget.

## Plassering av nytt utsiktspunkt

Plasseringen er litt justert sammenlignet med dagens utsiktspunkt. Den er trukket litt til siden og rotert mot fossen. Dette for å få en trygg forankring til fjellet. Anlegget blir på den måten også mindre synlig i naturen. Illustrasjonen under viser forholdet mellom eksisterende og nytt utsiktspunkt. Formålet med denne justerte er også at plasseringen ligger enda litt lavere i terrenget, med mål om være mindre synlig sett nedenfra, samtidig som den gir bedre utsikt mot selve fossen. Området rundt konstruksjonen revegeteres ved bruk av stedlige masser og vegetasjon.


Ved å etablere et utsiktspunkt der en tilrettelegger for at de besøkende skal kunne se hele fossen, vil en forhåpentligvis avverge de fleste fra å bevege seg ut på kanten av juvet på andre punkt enn på det faktiske utsiktspunktet.

UTKLIPP FRA 3D-MODELL:  
FORHOLDET MELLOM EKSISTERENDE OG NYTT UTSIKTSPUNKT




Figur 3: Forholdet mellom eksisterende og nytt utsiktspunkt.

PLAN MED FORSLAG TIL TILTAK



Figur 4: Plan med forslag til tiltak.





Figur 5: Plan og oppriss

### Konstruksjon og materialer

Konstruksjonsprinsipp følger de stedlige geotekniske forholdene og den ønskede funksjonelle utformingen. Konstruksjonens oppleggspunkter er trukket tilbake fra bergkanten for å unngå svakheter i fjellet. Fra oppleggspunktene krager konstruksjonen ut mot fjellkanten. Konstruksjonsdeler kan legges i eller over terreng eller innpasses i rekkverket.

Med tanke på bestandighet og eksponert montering er det fordelaktig med skrudde ståldeler. Stålet skal være værbestandig stål (Cor-Ten).

Konstruksjon kan utformes slik at alle deler kan løftes med helikopter og monteres på stedet.

### Flytte stien

Strategien tar utgangspunkt i at all ferdsel utenom stien er på eget ansvar, men at stien følger en trygg og naturlig trase frem til utsiktspunktet som er godt sikret. Det er mange løse blokker og betydelig overheng langs kanten av stupet. Området der den nye stien og utsiktspunktet anlegges skal tilfredsstillende Byggeteknisk forskrift (FOR-2017-06-19-840) krav for sikkerhetsklasse S2 (skred med returperiode større enn 1000 år).

### Sikring langs kanten av stupet

Sikring av kanten gjennomføres med et enkelt og lett rekkverk med stolper og wire som følger ny tilbaketrukket posisjon for stien frem mot utsiktspunktet. På denne måten vil besøkende ledes til trygg ferdsel med minst mulig inngrep på stedet.

Ved utsiktspunktet og til begge sider skal det utføres spettrensk og/eller sikring med bergbolter av løse blokker for å tilfredsstillende kravet om sikkerhet mot skred som nevnt over.

Kanten av juvet der det skal utføres byggearbeider må være sikret etter vanlige HMS-krav som arbeidstilsynet krever.

Det enkleste er å fjerne løse blokket ved å renske den utfor kanten og ned i juvet. Den beste måte å gjøre det på er med reskespett. Større blokker kan dyttes utfor kanten med en plastsekk som senkes ned i en åpen sprekk og blåses opp med en kompressor. Dersom en ikke klarer å renske bort løst berg, kan bolting bli nødvendig. Det blir minst synlig, hvis man borer in vertikale bolter (dybler) som avsluttes 10 cm under overflaten. Da vil man bare se toppen av borehullet som er fylt med mørtel.

### Skilting med informasjon

Det er viktig å etablere enkle, men tydelige skilt som opplyser om fare ved ferdsel langs stupkanten, og med oppfordring om å benytte stien helt frem til utsiktspunktet. Det er også fint å benytte muligheten til å orientere om geologien i området, med den store utkragede bergkanten i juvet som følge av erosjon.

Kostnader for å etablere skiltet inkluderer materialer og frakt samt utforming av selve skiltet med informasjon i samsvar med nasjonalparkens designmanualer.

### **Framdrift**

Byggeperioden vil bli lagt til utenom turistsesong og den mest sårbare tida for hekkende rovfugl. Gitt at finansiering er på plass planlegger en bygging høsten 2022.

### **Riggområde**

Riggområdet som bli etablert i byggefasen skal ligge i nær tilknytning til utsiktspunktet. En må påberegne noe hugging av trær. Ved etablering av nytt utsiktspunkt vil en også måtte fjerne trær i området der plattformen skal stå.

### **Riving og fjerning av eksisterende utsiktspunkt**

Eksisterende utsiktspunkt skal rives ned og fjernes. Materialet blir frakta vekk med helikopter i sammenheng med annen helikoptertransport.

### **Helikoptertransport**

Det vil være behov for helikoptertransport av personer og materiell i byggeperioden. Det vil bli søkt om løyve til helikoptertransport på et senere tidspunkt.

### **Opprydding etter endt byggeperiode**

Oppdragsgiver vil sikre at opprydding etter endt byggeperiode blir gjennomført av entreprenør.

### **Godkjenning fra grunneier**

Grunneigar er positiv til oppgradering av utsiktspunktet, men dei ønskjer ikkje noko stort byggverk eller tilrettelegging for opphald ut over ein trygg plass for å nyte utsikta og ta ein kort rast. Grunneigar er oppteken av behovet for utskifting av anlegget som er der i dag med tanke på sikring mot kanten. Grunneier er innstilt på at installasjonen skal være fult og helt åpen for allmenn bruk, slik dagens installasjon er. Det skal skrives en avtale mellom Stiftinga Utladalen Naturhus og grunneier.

## **Saksopplysningar**

Nasjonalparkstyret har tidlegare gjort slik vurdering om behovet for eit nytt utsiktspunkt:

### **• Vurdering etter synfaring 2019**

I 2019 vurderte nasjonalparkstyret at det var behov for følgjande tiltak (utdrag frå referat frå synfaring 21. juni 2019):

- *Det er nødvendig med utskifting av stolpar og treverk som er i ferd med å rotne, ikkje noko kan brukast oppatt og alt må skiftast ut.*
- *Det bør engasjerast arkitekt/landskapsarkitekt for utarbeiding av eit skisseprosjekt som grunnlag for søknad om tiltaksmidlar. Rammer for oppdraget er å innordne seg vedteken designmanual i materialval og design, og at utstrekning av nytt anlegg i hovudsak held seg innan ytre rammer for det eksisterande anlegget.*
- *Ei utsiktsplattform som går ut over kanten kan vera meir praktisk, for å hindre at folk går på utsida av gjerdet for å få beste билетet av fossen.*
- *Det er behov for geolog/geoteknikkar for vurdering av fjellkvalitet og forankring ute på (evt. ut over) kanten. Det vart engasjert geolog av Årdal Utvikling (Å. U.), og denne rapporten bør gjerast tilgjengeleg for å kunne vurdere behovet for eventuelle vidare utgreiingar.*
- *Gjerde/vaier langs stien opp frå Vetti bør også oppgraderast som deltiltak av prosjektet Utsiktspunkt Vettisfossen.*
- *Eventuelle tiltak skal gjennomførast i nær dialog med grunneigar.*

### **• Mulighetsstudie hausten 2020**

Hausten 2020 engasjerte nasjonalparkstyret Dronninga Landskap til å gjennomføre ein mulighetsstudie i området for å få innspel på kva ein kan få til med tanke på dei gjevne vilkåra,

og det vart gjennomført synfaring med arkitekt/landskapsarkitekt. Erfaringane frå synfaringa danna grunnlag for eit skisseframlegg til oppgradering av anlegget ved Vettisfossen, inkl. vurdering av kostnadsomfang frå Dronninga landskap og ingeniør frå DIFK. Dette arbeidet munna ut i ein presentasjon som vart levert nasjonalparkstyret den 16.12.2020, og som viste anbefalt tiltak med plassering på same stad som den forfalne plattformen har i dag. Søknaden er i tråd med tilråding i mulighetsstudien som vart presentert for nasjonalparkstyret i møte 1. februar 2021 – sak 2/2021 *Referatsaker pkt. A*. Med bakgrunn i geologikartlegginga som vart gjennomført sist sommar er det gjort ei justering på plassering av plattformen, for å få trygg forankring utanom sprekksonene i fjellet.

- **Supplering til sårbarheitsvurdering**

Innspelet til arbeidet frå ornitolog Geir Høitomt, som tidlegare har utført sårbarheitsanalyser for fugl i området:


*«Viser til Teams-møte i dag. Viser også til notat om Vettisfossen og sårbart fugleliv fra Johannes Skahjem (datert 12.04.2021), samt skisse av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen som var vedlagt i epost fra Eldrid Nedrelo 15.4.2021.*

- ..
- *Dagens ferdsel ved Vettisfossen er stor (fortrinnsvis i sommerhalvåret), og må påregnes å øke.*
- *Dagens tilrettelegging for ferdsel ved Vettisfossen styrer i mindre grad ferdsel i området. Erfaringsmessig ferdes mange ut på bergkanten, og på ulike steder. Hovedformålet er god utsikt mot fossen og gode fotomuligheter.*
- *Den skisserte tilretteleggingen (utsiktsrampe) vil i mye større grad styre ferdselen ut på ett punkt. Dette bidrar til mindre uforutsigbar ferdsel og vil være gunstig for trua og sårbare arter. Styring av ferdsel på godt tilrettelagt sti inn mot utsiktsrampa vil i denne sammenheng være viktig.*
- *Utkraging av rampa bør begrenses til et nødvendig minimum (1 – 3 meter) for å oppnå god sikt til fossen. Rampa bør i størst mulig grad ha tette vegger ut på begge sider.*
- *Anleggsfasen må legges utenom hekketid, dvs. etter 15. juli (optimalt 1. august). Bruk av helikopter til inntransport av materialer etter dette tidspunktet vil ikke være konfliktylft ..»*

(Innspelet er sladda for opplysningar som er unnateke offentlegheit i medhald av offenteleglova § 24 tredje ledd).

- **Vurdering av geologien/berggrunnen i området (notat frå ingeniør Tore Valstad)**

Sommaren 2021 har det vore gjennomført laserskanning og geoteknisk vurdering av området, og kartlegginga viser at dagens sti og plattform dels ligg på eit overheng prega av sprekker og sleppesoner som representerer betydeleg svakheit i bergmassen. Overhengane merka med gult i biletet nedanfor er vurdert å vere ein risiko for folk som går langs kanten av juvet.



- **Uttale frå Nasjonalparkstyret til Utladalen Naturhus og Dronninga Landskap, mai 2021**

Før arbeidet med forprosjektering og detaljprosjektering starta sommaren 2021 såg nasjonalparkstyret behov for å gi ein uttale til prosjektleiar Utladalen Naturhus og Dronninga Landskap med nokre vilkår som måtte ligge til grunn for det vidare arbeidet med utsiktspunktet (Uttale av 25.05.21):

*«Med bakgrunn i sårbarheitsvurderingar i det aktuelle området ved Vettisfossen tilrår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen/Styringsgruppa for prosjektet at ein i det vidare arbeidet med prosjektet avgrensar ei evt. utkraging av utsiktspunktet til maks 3 meter, og at ein planlegg med mest mogleg tette sidevegger på rampa.»*

- **Godkjenning frå grunneigar**

Grunneigar er positiv til oppgradering av utsiktspunktet, men dei ønskjer ikkje noko stort byggverk, jf. nærare opplysning gitt i søknaden.

- **Parkeringstilhøve i innfallsporten**

Ved etablering av eit nytt utsiktspunkt i området kan ein pårekne at besøket vil auke noko framover, men dette er vanskeleg å føresjå sidan turen opp til utsiktspunktet er såpass lang som 2-3 t gange frå parkeringa. Årdal kommune oppgraderte p-plassen hausten 2020 med noko auka kapasitet, og det vart lagt til rette med ladestasjon for el-bilar. På dei største utfartsdagane om sommaren er det likevel utfordringar med for få parkeringsplassar i området. Årdal kommune er klar over desse utfordringane.

- **Organisering av prosjektet - rollar**

Nasjonalparkstyret har tidlegare fatta vedtak om organisering av prosjektet i sak 5/2020. Nasjonalparkstyret fungerer som styringsgruppe i prosjektet, leia av Utladalen Naturhus, og forvaltarane sit i prosjektsekretariatet saman med dagleg leiar i Utladalen Naturhus. Det er

etablert ei prosjektgruppe som i tillegg til prosjektsekretariatet har representantar frå grunneigar, Årdal kommune, Utladalen Naturhus, og Statens Naturoppsyn Jotunheimen. Styringsgruppa for prosjektet er ansvarleg for at dei økonomiske rammene blir haldne, og skal godkjenne arbeidet som blir gjort av prosjektgruppa. Ved handsaming av dispensasjonssaka har nasjonalparkstyret rolla som forvaltningsmyndigheit, og må vurdere søknaden etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

### Verneformål – forskrift

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde vart fastsett ved Kongeleg resolusjon av 14.11.14. *Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *eit naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogsliv til høgfjell og artar knytte til desse.*
- *særprega vassdragsnatur og landskapsformer.*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde har forbod mot inngrep «som vesentleg kan verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter», jf. § 3 pkt. 1.1. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar... bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande.»

Etter verneforskrifta pkt. 1.3 kan forvaltningsstyresmakta likevel gi løyve til

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.

e) Merking av nye stiar, oppsetting av skilt og vegvisarpiler og kvisting av nye løyper og

n) Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.

Å legge om stien noko lenger inn i terrenget, blir jamstilt med å etablere ein ny sti. Omlegging av stien kan handsamast etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 e) nemnt ovanfor Verneforskrifta har ikkje ein spesifisert regel om revevegetering av stiar el. Revevegetering av den gamle stien og areala prega av slitasje må difor handsamast etter verneforskrifta § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt.

Oppsetting av informasjonsskilt og visningsskilt kan handsamast etter § 3 pkt. 1.3 e).

Oppføring av ei ny utsiktsplattform slik det er søkt om kan ikkje reknast som ombygging eller utviding av eksisterande anlegg, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 a). Arealet på utsiktpunktet det her vert søkt om å setja opp er noko større enn det eksisterande anlegget, og det framstår som heilt nytt, med ny plassering og anna materialval og utforming.

Regelen i § 3 pkt. 1.3 n) kan heller ikkje nyttast for oppføring av det nye utsiktspunktet i denne saka sidan det ikkje har same storleik og står på same plass, men regelen kan nyttast for riving av det gamle anlegget.

For å unngå at folk går utpå kanten i eit større område, er det behov for å flytte stien inn i terrenget, sikre med nytt gjerde og å leie besøkande til eitt bestemt utsiktspunkt, samt å revegetere den gamle stien og området som er sterkt prega av slitasje. Det nye utsiktspunktet vil måtte leggast nokre meter til side for eksisterande anlegg og ha forankring lenger inn i terrenget enn eksisterande anlegg. Med bakgrunn i dette vil tiltaket framstå som nytt. Det er difor ikkje noko spesifisert unntak for bygging av utsiktspunktet som det her er søkt om i verneforskrifta, og tiltaket må behandlast etter § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Det er strenge vilkår knytt til dispensasjon etter denne regelen.

## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon evt. kan vurderast, men åpnar for tiltak som *«ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig»*. Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styresmakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fanga opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Rettleiar frå Miljødirektoratet M106-2014 - Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter - viser m.a. til følgjande når det gjeld bruk av § 48 som unntaksregel:

*.. Tiltaket eller aktiviteten vil være i strid med verneformålet dersom en tillatelse vurderes å ha en negativ påvirkning på verneformålet samlet sett.*


Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vurderast i alle dispensasjonssaker.

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gir ikkje føringar for etablering av nye utsiktspunkt i verneområdet, men sikringstiltak for friluftsliv/ferdsel er m.a. omtala slikt: *«Som hovudregel skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjere ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjør varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eige ansvar. Det er valt å gjere unntak frå dette på to punkt på T-merkte stiar i nasjonalparken: Kjetting på «Vesleløyfti» på stien frå Besseggen ned til Gjendesheim (2005) og wire ved Bukkelegret (etablert før nasjonalparkvernet, men løyve til vedlikehald blir gjeve)..»* Vidare står det m.a. at: *«Det vil vere viktig å ikkje senke terskelen for sikringstiltak, og fylkesmennene vil generelt vere restriktive med slike tiltak. Dette er også understreka av Direktoratet for naturforvaltning.»*

Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å ta vare på områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrta. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktivitetar.





Vettisfossen ligg i gul sone, brukssone teig 11.

I forvaltingsplanen står m.a. følgjande om soneinndelinga: «Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen (vår understreking).

Vidare står det om «brukssone»: «Dette er område der forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, som merking av stiar og bygging av sjølvbetjente/ubetjente turlagshytter innanfor eit planlagt rutenett.»

### Teig 11: Heimre Utladalen

«Retningslinjer: ... Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.»

## Vurdering

Utladalen Naturhus AS søker om løyve til:

- å rive det forfalne gjerdet og utsiktsplattforma ved Vettisfossen
- å etablere eit nytt utsiktspunkt
- å legge om stien som fører ut til det nye utsiktspunktet
- å sikre med rekkverk langs den omlagde stien fram mot utsiktspunktet
- å sette opp enkle, men tydelige skilt som informerer om fare ved ferdsel langs stupkanten, og med oppmoding om å følgje stien heilt ut til utsiktspunktet. Det er også aktuelt å sette opp tematisk informasjon, t.d. geologien i området. Informasjon vil vere i tråd med designmanualen for Norges nasjonalparker.

Tiltaket gjeld utskifting av eksisterande utsiktsplattform og gjerde ved Vettisfossen og etablering av eit nytt utsiktspunkt i samsvar med planar lagt fram av Dronninga Landskap slik det går fram av søknaden. Den eksisterande plattforma er i dårleg forfatning, og ein ser fjerning og nybygg som nødvendig. Området ved fossen og plattforma er prega av slitasje. Med ny plattform er

målet å styre ferdsla i området og å hindre ytterlegare slitasje. Samt å legge til rette for trygg ferdsel på staden. Søknaden frå Utladalen Naturhus gjer godt greie for alle sider ved det planlagde utsiktspunktet.

Tiltaket må vurderast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde slik det går fram av kapitla om *Verneformål – forskrift* og *Naturmangfaldlova* ovanfor.

Ved vurdering av søknaden etter verneforskrifta § 4 må ein først ta stilling til om vilkåra er oppfylt. Vilråa føreset at tiltaket ikkje er i strid med føremålet med vernevedtaket og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Det følgjer av forarbeida at kva som må vurderast å vere i strid med verneformålet, må sjåast i samanheng med omfanget av tiltaket, arten og plasseringa vurdert opp mot verneformålet. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom tiltaket ikkje «påverkar verneverdiane nemneverdig» (vår understreking). Det vi seie at det kan berre dispenserast i dei tilfella tiltaket vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad for verneverdiane. I det følgjande blir det først gjort ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget. Deretter blir det gjort ei vurdering av tiltaket opp mot verneverdiane. Under overskrifta «Utsiktspattform, nytt gjerde, revegetering» følgjer ei vurdering av tiltaket etter verneforskrifta § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Under overskrifta «Riving av eksisterande anlegg, omlegging av sti (merking av ny sti) og oppføring av enkle informasjonsskilt» kjem vurdering av tiltaket etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstavane e) og n). Og til slutt blir det gjort ei vurdering av samla verknad av tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (jf. naturmangfaldlova § 8) m.a. gjennom naturbase, økologisk grunnkart, Framlegg til skjøtselsplan av 08.05.2013, og sårbarheitsvurdering i området Vest-Jotunheimen/Utladalen (Kistefoss Skogtjenester 2018). Området langs kanten av juvet og innover Vettismorki er prega av naturtypen Gamal barskog av verdi A (nasjonal verdi). Dagens situasjon med ferdsel og slitasje langs heile juvkanten er øydeleggande for botnvegetasjonen. Omfattande slitasje pregar botnen i den tørre furuskogen på kanten av juvet, og ein meiner tiltaket med betre styring av ferdsla i området og revegetering vil vere positivt av omsyn til naturtypen. Det er ikkje registrert raudlista planteartar i det aktuelle området. Sårbarheitsvurderingar og rapportar frå naturoppsynet tilseier at fossejuvet kan vere ein viktig hekkelokalitet for rovfugl. Ornitolog Geir Høitomt som har gjennomført sårbarheitsvurderingar har uttalt seg til prosjektet og påpeikar m.a. at «*Dagens tilrettelegging for ferdsel ved Vettisfossen styrer i mindre grad ferdsel i området. Erfaringsmessig ferdes mange ut på bergkanten, og på ulike stader. Hovedformålet er god utsikt mot fossen og gode fotomuligheter. Den skisserte tilretteleggingen (utsiktsrampe) vil i mye større grad styre ferdselen ut på ett punkt. Dette bidrar til mindre uforutsigbar ferdsel og vil være gunstig for trua og sårbare arter. Styring av ferdsel på godt tilrettelagt sti inn mot utsiktsrampa vil i denne sammenheng være viktig. Utgraving av rampe bør begrenses til et nødvendig minimum (1 – 3 meter) for å oppnå god sikt til fossen. Rampe bør i størst mulig grad ha tette vegger ut på begge sider. Anleggsfasen må legges utenom hekketid, dvs. etter 15. juli (optimalt 1. august). Bruk av helikopter til inntransport av materialer etter dette tidspunktet vil ikke være konfliktskyt ..*» Av søknaden går det fram at byggeperioden vil bli lagt utanom turistsesong og den mest sårbare tida for hekkande rovfugl, om hausten. Det er ikkje registrert kulturminne i området. Tiltakshavar har likevel plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Fossefallet og dei geologiske førekomstane i området har stor verdi og er også ein viktig del av verneformålet med Utladalen landskapsvernområde. Fossen er hovudattraksjonen. Utsiktspunktet det er søkt om å etablere ligg om lag 200 m frå sjølve fossefallet på kanten av juvet, men det kragar ikkje ut, og rører ikkje ved vassdraget på nokon måte. Juvet er svært markant i landskapet og har i seg sjølv stor geologisk verdi.

Hovudformålet med landskapsvernområdet er å ta vare på m.a. «*eit vilt og vakkert vestlandslandskap*».



Bortsett frå eksisterande utsiktsplattform og gjerdet mot kanten av fossejuvet er området som nemnt prega av den gamle furuskogen i området, det heilt spesielle fossefallet (særprega vassdragsnatur) og fossejuvet som landskapsform. Skogen har element av gamle, store furutre, og tørrfurer, og plantelivet er verna mot skade og øydelegging som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter vesentleg. Noko hogst i området er tillate (utan søknad) i medhald av verneforskrifta når det vert gjort som plukkhogst, men urskogprega furuskog og hule tre og stammar som er eigna som buplass for fuglar må ikkje fellast.

Spørsmålet i dette tilfellet vil vere om ei ny utsiktsrampe og oppføring av gjerde kan sjåast som eit tyngre inngrep som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg, og om det kan påverka verneverdiane nemneverdig? Det må også takast stilling til revegetering vil påverka verneverdiane nemneverdig. Dette er ei skjønnsvurdering.

Det må etablerast eit riggområde i nær tilknytning til utsiktspunktet i byggefasen, og ein må rekne med noko hogst av tre både der riggplassen blir etablert og der plattformen skal stå. Som nemnt førekjem det gamle, store furutre og tørrfurer i området på kanten av juvet, men på staden der utsiktsplattformen er planlagt oppført er vegetasjonen dominert av småvokst bjørkeskog og kratt, med unntak av ei tørrfuru som står like i bakkant av der fundamenta vil vere forankra. Det vil bli sett vilkår om at ein ved etablering av riggområde må søke å finne ei plassering, slik at ein unngår negativ påverknad på evt. verdifulle førekomstar av furu (furugadd, gamle, store tre osv.).

Ved setting av vilkår for bruk av stadeigne planter og massar, vil revegetering ha positiv verknad på naturmangfaldet i området, og såleis på verneverdiane. Sjølv om utsiktspunktet blir etablert på den geologiske førekomsten juvet, vil det vere eit minimalt inngrep som evt. kan reverserast om det skulle falle ut av bruk. Juvet er svært markant i landskapet, plattformen vil så vidt kunne vere synleg sett nedanfrå og frå motsett side av dalføret vil den heller ikkje vere særleg synleg med farge-/materialet som er valt på konstruksjonane.



Foto nedanfrå: Eksisterande utsiktspunkt (Forsterka)

Begge illustrasjonar: Dronninga Landskap



Foto nedanfrå: Nytt utsiktspunkt

Søknaden skildrar korleis det må utførast spettrensk og/eller sikring med bergboltar av lause blokker for å tilfredsstille kravet om sikkerheit mot skred ved utsiktspunktet og til begge sider. Lause blokker vil bli fjerna ved å reinske dei utfor kanten og ned i juvet. Dette kan virke noko

voldsomt innanfor eit landskapsvernområdet, men det er stort sannsyn for at desse steinane/blokkene vil falle i alle tilfelle, og det vil ikkje påverke verneverdiane og vere lite/ikkje synleg i landskapet. Juvet er prega av dynamiske prosessar der det rasar stein heile tida og det er ei stor ur under juvkanten, så stein og blokker som blir reinska utfor vil forsvinne i massen. Dersom laust berg ikkje kan reinskast bort, kan bolting bli nødvendig. Det blir minst synleg om ein borer inn vertikale boltar (dyblar) som blir avslutta 10 cm under overflata. Då vil ein berre sjå toppen av boreholet som er fylt med mørtel. Vurderinga tilseier altså at oppføring av plattforma ikkje vil verke nemneverdig inn på den geologiske førekomsten. Med bakgrunn i vurderinga av kunnskapsgrunnlaget ovanfor kan ein såleis ikkje sjå at tiltaket vil påverka verneverdiane nemneverdig.

### **Utsiktsplattform, nytt gjerde, revegetering**

I den vidare vurderinga må ein ta stilling til om tiltaket vil påverka verneformålet nemneverdig. Eksisterande utsiktspunkt ligg plassert på kanten av fossejuvet, med ein storleik på 3 mx 3,7 m, og det er så vidt ein kan sjå det nedanfrå når ein veit kvar det er. Skisseprosjektet frå hausten 2021 viser at ved å flytte utsiktspunktet nokre meter i terrenget for å få ei trygg forankring, vil plattforma bli mindre synleg i naturen, også sett nedanfrå, då den ligg lågare i terrenget. (Figur 3 i søknaden frå Naturhuset viser forholdet mellom eksisterande og nytt utsiktspunkt).

Samstundes gir ny plassering betre utsikt mot sjølve fossen. Området rundt konstruksjonen skal revegeterast ved bruk av stadeigne massar og vegetasjon. For å få ei god og trygg forankring, må ein dra plattforma noko lenger inn i terrenget, slik at storleiken aukar.

Planteikinga viser at total lengde på den nye plattforma er 10,75 m inkludert fundamenta (figur 5 i søknaden). Fundamenta vil bli forankra med innstøpte boltar. For å fundamentere på berggrunn må morenemassane under denne delen av konstruksjonen gravast bort. Ein antek at djupna til berg kan vere opp til 2 m. Desse morenemassane vil bli fylt tilbake etter at fundamenta er støypt, og denne delen av konstruksjonen vil såleis ikkje vere synleg på overflata.

Total lengd på konstruksjonen som er synleg i dagen er 7 m. Breidda på bakre del av plattforma, inkl. fundament er 4 m. Bakre del av konstruksjonen som stikk opp i dagen vil ha ei breidd på 2,92 m, medan fronten på plattforma vil ha ei breidd på 2,5 m, altså smalare enn dagens plattform.

Sjølv om plattforma av praktiske årsaker er noko lenger enn den gamle er den svært godt tilpassa terrengformasjonane i området, og den kragar ikkje ut over kanten på plataet.

Plattforma framstår som ein enkel og stilrein konstruksjon som flyt med terrenget. Ein ny utsiktsplattform i området representerer eit nytt inngrep i området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.1. Med ei form som er godt tilpassa terrenget på staden slik denne er, ved ei nedtrapping, og materiale av cortenstål utan glas som reflekterer lyset meiner ein likevel at utsiktsplattforma ikkje representerer eit vesentleg inngrep eller at ho er øydeleggjande for landskapet sitt særpreg eller karakter. Ved utforminga av konstruksjonen er det vektlagt å avgrense fotavtrykket, men samstundes plassere fundamenta på trygg grunn. Plattforma er ikkje synleg frå Vettismorki, og vil knapt synast på avstand sett frå andre sida av dalen eller nedanfrå.

Skogen i området vil fungere som skjerm, og ho er ikkje synleg før du kjem like innåt. Slik er omsøkte tiltak godt tilpassa terrenget og landskapet på staden.


Vettisfossen er det høgste uregulerte fossefallet i Noreg og Nord-Europa. Fossen har ei særleg attraksjonskraft og besøkande går heilt ut på kanten langs heile juvet for å sjå foten av fossen. Turen inn under Vettisfossen er svært populær, og i 2020 synte ein ferdselsteljar at det var over 30 000 besøkande i Utladalen. (Ein del av desse har gått til andre turmål, m.a. Avdalen Gard.) Tal frå 2021 viser at det var i alt litt over 3 700 som gjekk stien mellom Vetti og

Utsiktspunktet/Vettismorki i perioden 23. april – 8. oktober. (samla tal 7400, reknar med at dei fleste har gått tur/retur?) Samstundes viser resultatata frå laserskanning og geoteknisk vurdering av området sommaren 2021 at dagens sti og plattform dels ligg på eit overheng prega av sprekker og sleppesoner som representerer betydeleg svakheit i bergmassen. Overhenga er vurdert å vere ein risiko for folk som går langs kanten av juvet.

For å førebygge skader på vegetasjon og forstyrning av trua og sårbare artar, og uønska hendingar på kanten av juvet er det behov for å styre ferdsla lengre inn frå kanten og til eit bestemt, forutsigbart punkt, utsiktspunktet (jf. kunnskapsgrunnlaget og uttale frå ornitolog ovanfor). Med bakgrunn i den geotekniske vurderinga på staden tilrår ein å legge stien som går

langs fossejuvet om, og lengre inn i terrenget, bort frå faresona slik det går fram av figur 4 i søknaden, samstundes som ein informerer om faren ved å gå ut på kanten. Vurderinga viser også at eksisterande utsiktsplattform ligg i faresona, og ein tilrår difor å flytte det nye utsiktspunktet nokre få meter, og samstundes vinkle det meir mot fossen. Slik ynskjer ein å styre ferdsla i området på trygg grunn bort frå kanten utanom sjølve utsiktspunktet. For å få til dette, må den gamle stien og trakk på kanten fjernast ved revegetering. Området der den nye stien og utsiktspunktet blir lagt skal tilfredsstille Byggeteknisk forskrift (FOR-2017-06-19-840) krav for sikkerheitsklasse S2 (skred med returperiode større enn 1000 år).

Figuren nedanfor viser plan med forslag til tiltak.



Kjelde: Skisseprosjekt, Dronninga Landskap

Søkjær ønskjer å sette opp eit nytt gjerde med enkelt og lett rekkverk med stolpar og wire. Gjerdet vil følgje den omlagde stien mot det nye utsiktspunktet for å leie folk på rett veg. Gjerdet er tenkt utforma i materiale som er lite synleg i terrenget, og vil såleis vere tilpassa landskapet (går fram av moglegheitsstudien). Ein kan ikkje sjå at oppsetting av eit minimalistisk gjerde vil påvirke naturtypen eller landskapsverdiar negativ. Samla sett meiner ein såleis at etablering av ei ny utsiktsplattform, inkludert revegetering og oppføring av nytt gjerde ikkje påverkar verneformålet eller verneverdiane nemneverdig, jf. verneforskrifta § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ.

### **Riving av eksisterande anlegg, omlegging av stien (merking av ny sti) og oppføring av enkle informasjonsskilt**

I handsaminga av søknader om dispensasjon etter spesifiserte dispensasjonsreglar må ein vurdere tiltaket i lys av verneformålet og naturforholda i området. Nasjonalparkforvaltar kan ikkje sjå at riving av eksisterande gjerde vil påverka verneformålet eller naturverdiane i området negativt. Førsett at det blir rydda og stelt fint til på staden og revegetert, vil tiltaket heller ha positiv verknad.

Flytting av stien i området vil heller ikkje påverka den gamle furuskogen eller landskapsverdiane i området negativt. Tvert om vil det å styre ferdsla til eit bestemt punkt, kombinert med revegetering i området, kunne ha positiv effekt på verneverdiane og verneformålet. Det må difor kunne gjevast løyve til omlegging av stien ved at den gamle stien langs kanten av fossejuvet vert fjerna, og med vilkår for revegetering.

Oppføring av informasjonsskilt kan i enkelte tilfelle verke forstyrrende som framandelement i naturen. Det er viktig at ein har ein god plan for korleis det skal informerast så det ikkje framstår som ein jungel av skilt i området. Med vilkår om at det blir lagt fram ein skiltplan for godkjenning

i detaljplanlegginga kan ein elles ikkje sjå at oppføring av skilt vil vere til skade for naturtypen Gamal furuskog, og ein kan heller ikkje hevde at det påverkar landskapsverdiane negativt så lenge vilkåra for løyvet er oppfylt.

Med bakgrunn i vurderingane så langt og gjevne vilkår for løyvet, kan ein ikkje sjå at riving av eksisterande anlegg, omlegging av stien (føresett revegetering av den gamle stien og området prega av slitasje på juvkanten) og oppføring av enkle informasjonsskilt vil kunne påverke naturverdiane eller verneformålet negativt, jf. verneforskrifta § 3 pkt 1.3 e) og n).

## **Presedens**

Eksisterande plattform og gjerde langs stupkanten var etablert lenge før vernet, og noko må gjerast med dei forfalne konstruksjonane. Ein vurderer at omsøkte tiltak samla sett vil vere til det beste for verneformålet og verneverdiane ved at ein får redusert, og aller helst fjerna omfattande slitasje på vegetasjonen i området. Ein får styrt ferdsla til eit bestemt punkt og slik sett minimert den forstyrrende effekten på rovfugl frå folk som ferdast langs heile kanten av fossejuvet, samstundes som ein varetek tryggleiken for folk som ferdast i området. Det er ikkje andre liknande installasjonar innanfor Jotunheimen nasjonalpark eller Utladalen landskapsvernområde. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det kan finnast slike konstruksjonar innanfor andre verneområde, men med dei geologiske forholda med sprekkdanningar i området som gjer at folk ferdast svært farefullt langs kanten av juvet, meiner ein at dette er eit heilt spesielt tilfelle. Ein kan ikkje lata vere å gjere noko for å styre ferdsla, og ein ser tiltaket som det er søkt om løyve til som den einaste, og beste løysinga av omsyn til både verneverdiar i området og verneformålet. Nasjonalparkstyret meiner difor at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens.

## **Samla verknad av tiltaket (utskifting av utsiktsplattform, omlegging av stien, revegetering og enkel skilting)**

Verknaden av omsøkt tiltak på naturmiljøet er kjent. Føre-var-prinsippet kjem difor ikkje til anvending (jf. naturmangfaldlova § 9). Presedensverknaden er vurdert ovanfor, og det er lagt vekt på at med den spesielle geologien i området med sprekkdanningar som gjer at folk ferdast i eit svært farefullt område så er dette eit heilt spesielt tilfelle som gjer at ein ikkje kan lata vere å gjere noko for å styre ferdsla. Ein ser omsøkte tiltak som den einaste og beste løysinga av omsyn til både verneverdiar i området og verneformålet. Nasjonalparkstyret meiner difor at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens. Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturverdiane og landskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Eit nytt utsiktspunkt og sikring, godt tilpassa landskapet og naturtilhøva på staden, og som erstatning for den gamle innstallasjonen, vil gi minimal auka belastning i området. Det kan påreknast auka besøk, men det er vanskeleg å anslå kor mykje. Ein meiner likevel at stinettet i området vil kunne tåle auka besøk. Tiltaket vil medføre noko motorferdsel i byggeperioden, men dette er av forbigåande karakter. Utover dette skal konstruksjonen vere vedlikehaldsfri. Med unntak av ei sak om utsiktspunkt i Stalheimskleiva som verneområdestyret i Nærøyfjorden allereie har hatt til handsaming og som vart avslått, er ikkje nasjonalparkstyret kjend med andre framtidige tiltak av liknande karakter innanfor verneområda i Jotunheimen eller andre verneområde. I nemnde sak i Nærøyfjorden var det snakk om ein langt meir omfattande konstruksjon og fleire forhold ved dei to sakene gjer at dei ikkje samanliknast direkte. Nasjonalparkstyret meiner tiltaket ved Vettisfossen samla sett vil kunne ha positiv verknad på økosystemet og verneverdiane i området. Den samla belastninga er difor vurdert til å vere akseptabel (naturmangfaldlova § 10 om økosystem og samla belastning). Søknaden skildrar korleis det må utførast spettrensk og/eller sikring med bergboltar av lause blokker for å tilfredsstille kravet om sikkerheit mot skred ved utsiktspunktet og til begge sider. Det er behov for eit riggområde i byggefasen som må ligge i umiddelbar tilknytning til utsiktspunktet. Noko hogst av tre må påreknast og ved etablering av nytt utsiktspunkt vil det også måtte fjernast tre i området der plattformen skal stå.

I anleggsfasen og like etter at tiltaket er gjennomført vil spora etter gravearbeidet vera synlege, men sidan konstruksjonen er plassert i skogbeltet vil det ikkje ta alt for lang tid før spora er dekkja med vegetasjon dersom det blir lagt godt til rette for dette ved vilkår for anleggsarbeidet. Avbøtande tiltak må vurderast både undervegs og ved avslutting av arbeidet. Også sjølve



utsiktspunktet vil bli skjerma av vegetasjon etterkvart. Fjellbjørkeskogen vil gje skjerming mot innsyn frå stien, dersom det gjennom detaljplanlegginga blir tydeleg kartfesta rammer for gravearbeid og riggområde. Det vil i detaljplanlegginga vere viktig å legge føringar for korleis vegetasjonsmassar på overflata skal samlast opp og takast vare på for bruk som toppdekke ved avslutning av anleggsarbeidet. Truleg blir det noko overskott av stein/massar som må kunne deponerast på eigna plass(ar). Her er det viktig å finne naturlege søkk i terrenget og plassar med god skjerming i bjørkeskogen. Slike detaljar må fastleggast i detaljplan/anleggsplan, og det vil vera viktig med tett oppfølging i anleggsfasen. Det må haldast byggemøte både ved anleggstart og undervegs i byggeprosessen, og desse må varslast i god tid slik at nasjonalparkforvaltar og/lokalt SNO/naturopsyn kan delta. I byggemøta må ein kunne vurdere arbeidet og sjå på behov for tilpassingar. Før anleggsstart må ein ha ei sluttsynfaring for å vurdere evt. avbøtande tiltak før anleggsverktøy blir frakta ut. Dersom detaljplanlegginga viser at ein ikkje kan halde seg innan vilkåra for dispensasjonen, skal dette varslast og eventuelt sendast ein endringssøknad eller dispensasjonen fell bort. Med god terrengtilpassing og krav til å leggje til rette for revegetering med stadeigen vegetasjon blir konsekvensane for naturmangfaldet vurdert som akseptable på byggestaden. Utover dette vurderer ein som nemnt at konsekvensane for naturmangfaldet i området vil vere positive. Dersom konstruksjonen av ein eller annan grunn fell ut av bruk, skal han fjernast og det skal ryddast opp (naturmangfaldlova § 11 om kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar). Med bakgrunn i opplysningar gitt i søknaden, moglegheitsstudien og skisseprosjektet samanhalde med vurderingar av naturmangfaldet på staden, meiner nasjonalparkforvaltar at ein har søkt å finne den tekniske løysinga, og ei plassering av utsiktspunktet som medfører minst mogleg fotavtrykk i verneområdet (naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar). Motorferdsel knytt til sjølv byggefasen vil bli handsama som eiga sak når detaljprosjekteringa er ferdig.

### **Forvaltningsplan**

Som det går fram av forvaltningsplanutkastet frå 2008 «*skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjere ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjer varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eige ansvar*». I denne spesielle saka kan likevel ein dispensasjon samla sett vere positiv, både av omsyn til plante- og fuglelivet, samt tryggleiken for folk som ferdist i området, jf. vurderingane ovanfor.

### **Oppsummering**

Isolert sett er det ikkje ønskjeleg med nye tekniske anlegg innanfor verneområda. Formålet her er å fjerne den gamle forfalne konstruksjonen og å erstatte den med eit nytt utsiktspunkt. Området rundt fossen og plattformen er prega av slitasje, og det skal utførast revegetering i området. Med ei ny plattform er målet å kanalisere ferdsla og å hindre ytterlegare slitasje på kanten av fossejuvet i den gamle verdifulle furuskogen på Vettismorki. Tiltaket med å kanalisere ferdsla til eitt punkt vil kunne ha positiv effekt på trua og sårbare artar av hekkande rovfugl. Det er også eit mål å leggje til rette for trygg ferdsel på staden. Det er altså ikkje eit mål i seg sjølv å skape eit spektakulært utsiktspunkt, men det er eit mål at konstruksjonen som blir etablert skal vere så minimalistisk og stilrein som råd, og best mogleg tilpassa terrenget på staden og landskapet kring.

Med den planlagde plasseringa og plan for omlegging av stien i området, kan ikkje nasjonalparkforvaltaren sjå at tiltaket slik det er søkt om vil vere i strid med verneformålet. Konstruksjonen er godt tilpassa terrenget på staden og landskapet kring, og vil vere svært lite synleg i terrenget. Mest truleg vil ein ikkje sjå konstruksjonen før ein kjem relativt nær den langs ein av stiane i området, og den vil vere svært lite synleg nedanfrå. Sjølv om det må hoggast noko bjørkeskog på staden der plattformen blir etablert og det blir eit relativt lite inngrep på toppen av fossejuvet, kan ein ikkje sjå at det vil påverke verneverdiane nemneverdig. Den negative verknaden vil vere svært avgrensa. Tiltaket med fjerning av den gamle plattformen og omlegging av stien vil ha positiv effekt på verneformålet og verneverdiane slik forvaltar vurderer det. Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt særleg vekt på at tiltaket samla sett vil ha positiv verknad på både verneverdiane og verneformålet.

Med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort ovanfor, meiner nasjonalparkstyret at ved å styre ferdsla slik det er tilrådd frå forvaltar så vil tiltaket samla sett vere positivt av omsyn til verneverdiane og verneformålet i området. Nasjonalparkstyret meiner difor det er grunnlag for å gje dispensasjon til tiltaket.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering meiner nasjonalparkstyret at det kan gjevast løyve til tiltaket på visse vilkår, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 e) og n), og § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, fyrste alternativ. Det er lagt særleg vekt på at oppføring av ei ny utsiktsplattform og sikring med rekkverk, og revegetering ikkje vil påverka verneformålet og verneverdiane nemneverdig, samt omlegging av stien kombinert med oppsetting av enkle informasjonsskilt som erstatning for den gamle og forfalne installasjonen ikkje vil kome i strid med verneformålet eller verneverdiane.

|                  |              |                |            |       |            |
|------------------|--------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2019/5553-24 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 07.10.2021 |
|------------------|--------------|----------------|------------|-------|------------|

|   |                  |                 |
|---|------------------|-----------------|
| <b>Utval</b>                                    | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 40/2021          | 15.11.2021      |

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Oppsummering av innspel til forvaltningsplan og besøksstrategi - Godkjenning av prosjektplan for revisjonen

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer innkomne innspel og tek dei med vidare i prosessen. Ingen av innspela har vesentlege innvendingar til planlagt opplegg. Det er framleis mogleg å gje innspel undervegs i prosessen.

Styret godkjenner prosjektplanen, og legg følgjande framdriftsplan til grunn for vidare arbeid:

|   |                         |
|---|-------------------------|
| Planarbeid – «Forvaltningsplan på nett»                                   | 2021-2023               |
| Dialog med administrativt kontaktutval og fagmiljø undervegs              |                         |
| Informasjon/dialog med ulike brukarinteresser. Møte ved behov             | Vinter/vår 2022         |
| Tilbod til kommunane om informasjonsmøte                                  | Vår 2022                |
| Opne møte og eventuelle synfaringar for aktuelle tema i                   | Sommar/haust 2022       |
| Nasjonalparkstyret –<br>planutkast før oversending til fagleg gjennomgang | Haut 2022               |
| Fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet                                    | Haut 2022               |
| Eventuell justering av planutkast   |                         |
| Høyring av planutkast godkjent av direktoratet                            | Vinter 2022/23          |
| Oppsummering av høyringsuttaler og planbehandling i NP-styret             | Vår/sommar 2023         |
| Eventuell andre høyringsrunde / avgrensa høyring på endringar             |                         |
| <b>Godkjenning av plan</b>  | <b>Utgangen av 2023</b> |

Det kan bli justeringar i framdriftsplanen undervegs. Ei ekstra høyring vil krevje ekstra tid. Innspel som går ut over rammene for verneforskriftene blir fylgde opp av sekretariatet med orientering til dei aktuelle aktørane om kva som er rammene for forvaltningsplanrevisjonen. Det kan for særskilde behov vera rom for å vurdere innspel til verneforskriftene og melde desse vidare oppover i systemet, jf. 2.4.1 i prosjektplanen. Det er her viktig å vera klar over at det er høg terskel for å setja i gang ein endringsprosess som krev ny Kongeleg resolusjon.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

1. Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen
  - Første forvaltningsplan godkjend 1998
  - Revidert planutkast frå 2008, ikkje endeleg godkjend, brukt som rettleiande dokument.
2. Dokument i samband med oppstart av revisjon i 2015
  - Sak 44/2015 - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Revisjon av forvaltningsplan - Planprogram og oppstartsmelding
  - Sak 60/2015 - Revisjon av forvaltningsplan - Diskusjonssak i Nasjonalparkstyret
  - Oppstartbrev av 02.09.2015
  - Referat frå opne møte i kommunane
  - Innkomne innspel 2015:
    - a. Vågå kommune, 09.11.2015

- b. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, 11.11.2015
  - c. FNF Sogn og Fjordane og Oppland, 15.11.2015
  - d. Oppland fylkeskommune, 24.11.2015
  - e. Samanslutnad av grunneigarar i Vang v/ Jon Lerhol, 31.01.2016
  - f. Norges Klatreforbund, 31.01.2016
  - g. Andre spørsmål og dialog med brukarar som har relevans for forvaltningsplanen
3. Sak 27/2021 i nasjonalparkstyret - *Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Forvaltningsplan- Opplegg for planrevisjon*
  4. Oppstartmelding – brev av 09.07.2021 vedlagt utkast til prosjektplan, sak 27/21
  5. Innkomne innspel 2021:
    - a. Årdal Energi Nett AS, brev ved oversending av 16.07.21
    - b. Riksantikvaren, e-post av 9. august
    - c. Statsforvalteren i Vestland, brev av 06.09.2021
    - d. Statsforvalteren i Innlandet, brev av 07.09.2021
    - e. Stiftinga Norsk Fjellmuseum, 09.09.21:
    - f. Norges vassdrags- og energidirektorat, 10.09.21
    - g. Norsk Organisasjon for Terrengsykling (NOTS), 10.09.21
    - h. Vågå kommune,

## Saksopplysningar

Overordna ramme: «*Forvaltningsplanen skal konkretisere hvordan formålet med vernet skal nås, og skal inneholde enn flerårig tiltaksplan og en besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendes til direktoratet for faglig gjennomgang før høring. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Miljødirektoratet.*»

Gjeldande status:

- Første forvaltningsplan godkjent 1998
- Tilråding av revidert planforslag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og FM-Oppland sendt Miljødirektoratet i 2008 for sluttbehandling, saman med tilråding om reviderte verneforskrifter. Er framleis i bruk som rettleiande dokument.
- Jotunheimen første nasjonalpark med godkjent besøksstrategi i 2012.
- Reviderte verneforskrifter vart fastsett 14.11.2014
- Verneforskrifter endra, el-sykkel, 27.11.2020.
- Oppstart revisjon 2015, med opne møte i kvar av kommunane
- Overgang til digitalt format og vakanse i stilling medførte ei lengre pause i arbeidet. I pausen er det utført brukarundersøking (2019) og nye nettsider retta mot publikum (2020)
- Ny melding om oppstart med forslag til prosjektplan (sak 27/2021) utsendt 9. juli 2021.

### Hovudtrekk

#### Endringar

- Ta ut historikk og generelle skildringar, meir «rett på sak»
- Digital form, lettare å revidere

#### **Nye element**

- Forvaltningsmål
- Bevaringsmål
- Besøksforvaltning



## Vidareføring (hovudsakleg)

- Retningslinjer for brukarinteresser
- Soneinndeling: Ikkje del av standardmal, men er eit godt innarbeidd forvaltningsgrep i gjeldande plan, og er også innarbeidd i besøksstrategien for Jotunheimen

Det er oppretta ei prosjektside for forvaltningsplanrevisjonen på nettsida:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/publikasjoner/revisjon-av-forvaltningsplanar-og-besoksstrategi>

## Innkome innspel

### Frå første oppstart i 2015

| Innspel, oppsummering av innhald   | Merknader  |
|--|--|
| <p><u>Vågå kommune, 09.11.2015</u><br/>«Forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark er godt etablert over mange år og det er få konflikter i verneområdet. Vågå kommune har med bakgrunn i dette ingen vesentlege innspel ved oppstart av planarbeidet, men vil ta stilling til eit konkret forslag til forvaltningsplan når eit slikt dokument kjem på høyring.»</p>   |  |
| <p><u>Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, 11.11.2015</u><br/>Villreinnemnda viser til kor viktig det er å ha eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Dei understrekar behovet for å ta ein gjennomgang og ny innsamling av kunnskap om leveområdet, trekkruter og områdebruk, og identifisering av utfordringar:<br/><br/>«Ein gjennomgang og ny innsamling av kunnskap om leveområdet, trekkruter og områdebruk, samt ein gjennomgang av kva for utfordringar ein står ovanfor i ivaretakinga av denne villreinstamma i dag, ville vore eit svært godt bidrag til ei enda betre forvaltning av reinsdyrstamma og stamma sitt leveområde. Kanskje kan det og vere mogleg å oppnå avbøting på noko av det som skapar vanskar for reinen i dag.»</p>   | <p>Som førebels oppfølging av innspelet vart det inngått avtale om eit fagnotat med samstilling av kjent kunnskap om villrein. Notatet frå 2016 har kartvedlegg som viser arealbruken</p>  |
| <p><u>FNF Sogn og Fjordane og Oppland, 15.11.2015:</u><br/>«- - - Verneområdet har nasjonal og internasjonal betydning. Forvaltningen må derfor sees i et større geografisk perspektiv og for å ivareta dette hensynet må forvaltningsplanen gi definerte rammer for tiltak. Ved interessekonflikter mellom naturverdier og næringslivsinteresser er det betydningsfullt at naturens tåleevne legges til grunn og at forvaltningen av verneområdene skjer i samsvar med målsetningene i naturmangfoldsloven. Verneområdene har stor betydning for våre organisasjoner både når det gjelder natur- og friluftslivsverdier og vi er opptatt av å ta vare på disse kvalitetene.<br/><br/>Vi er imidlertid bekymret for at den generelle samfunnsutviklingen fører til et stadig sterkere press på naturen. Blant annet har inngrepsfrie naturområder i Norge blitt redusert dramatisk i løpet av de siste 100 årene som følge av ulike typer utbygginger og inngrep. Dessverre fortsetter denne utviklingen, og vi mener derfor det nå er svært viktig at vi tar vare på de naturverdiene som fortsatt finnes, både i og utenfor verneområdene, blant annet for å ivareta friluftslivet som er en del av norsk kulturarv og som en del av det helseforebyggende arbeidet i Norge. Med hensyn til vernebestemmelsene vil vi be om restriktive forvaltningsplanbestemmelser vedrørende motorferdsel i utmark i verneområdet, dette også med hensyn til nyere former for motorisert ferdsel som bruk av elsykkel og flygende droner.</p> | <p>Forvaltningsplanen skal gje føringar for bruken og for dispensasjonspraksis.</p> <p>Endring av verneforskriftene eller utviding av verneområda er ikkje tema. Dette må følgje eigne prosessar.</p> <p>Innspela elles blir tekne med vidare i prosessen.</p> |

|  |   |
|--|---|
| <p>Gjennom Bern-konvensjonen og den internasjonale konvensjonen om biologisk mangfold, har Norge forpliktet seg til å ta vare på sin opprinnelige flora og fauna. Villreinen har fått status som norsk ansvarsart. Stortinget har fulgt opp det spesielle ansvaret for villreinen blant annet gjennom to stortingsmeldinger, med forslag om å opprette 10 nasjonale villreinområder for å sikre villreinens leveområder. Villreinområdet i Vest-Jotunheimen er blant disse områdene. Villreinens behov må være tema i forvaltningsplanarbeidet.</p> <p>Vi vil også be om at en utvidelse av verneområdene blir et tema i forvaltningsplanen. Fylkesmennene i begge fylker viste tidligere i arbeidet til betydelige verneverdier utenfor verneområdene:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Valdresflya vest og Øvre Leirungsdalen</li> <li>- Nord for Bygdin</li> <li>- Sjodalen vest</li> <li>- Smådalen, Lauvhø og Kvitingskjølen</li> <li>- Juvflya - Visdalen</li> <li>- Storgjuvbreen – Leirdalen</li> <li>- Nord for Smørstabbtindane med Loftet</li> <li>- Fantestein</li> <li>- Vest for Steindalsnosi ned mot Sognefjellsvegen</li> <li>- Kring Berdalsfjellet nordvest for Soleiebotntindane</li> </ul> <p>Vi vil vise til fylkesmennenes uttalelser tidligere i arbeidet:<br/> ”Område som grensar til verneområda er viktige både i høve til sjølve verneområdet og i høve til forvaltninga av desse. Dei har store naturkvalitetar og er innfallsportar til nasjonalparken og landskapsvern-området. Større utbyggingar og inngrep tett opp til vernegrensa kan føre til at verneområda blir utsette for uheldig påverknad som slitasje, støy og uro. Det at eit område har fått vernestatus gjev og signal om forvaltninga av dei areala som grenser til. - - - Det ligg m.a.o. ikkje føre noko formelt framlegg om utvida vern, berre ei påpeiking av verdier.”</p> <p><i>Medvirkning:</i><br/> Vi mener at en bred medvirkning i prosessen er viktig og ber om at vi og våre lokalorganisasjoner inviteres til å delta i arbeidsgrupper og lignende.</p> |   |
| <p><u>Oppland fylkeskommune, 24.11.2015</u><br/> Fylkeskommunen har gjeve eit detaljert og godt innspel, med særleg vekt på kulturminne. Innspelet er oppdatert og supplert med andre tema i 2021, som er referert og kommentert der.</p> <p>« - - - Registrering, kartfesting og verdivurderinger bør inngå som prioriterte tiltak i forvaltningsplanen. Det samme gjelder utarbeiding av en kulturminneplan, som kan vise sammenhenger, prioriteringer og planer for formidling og tiltak. Det bør i så stor grad som mulig lages klare mål for når foreslåtte tiltak skal ferdigstilles.</p> <p>Fylkeskommunen har et godt samarbeid med Norsk Fjellmuseum i Lom, og ønsker et videre godt og aktivt samarbeid om formidling av fjellområdenes kulturhistorie. Videre arbeid med innfallsporten ved Sognefjellet vil i tillegg kunne bidra til formidlingen av ferdselshistorie.</p> <p>- - -</p> <p>Miljødirektoratet har i samarbeid med Riksantikvaren utarbeidet en veileder for kulturminneforvaltning i områder vernet etter naturmangfoldsloven. Her kan en finne gode eksempler på retningslinjer, forvaltningsmål, bevaringsmål og tiltak. - - -</p> <p>Vi ser i eksempler fra andre forvaltningsplaner at en i retningslinjer ofte bruker begrepet «forvaltningsstyresmakten». Det er da ofte uklart om en</p>  | <p>Fylkeskommunen vil vera ein viktig samarbeidspart i forvaltningsplanarbeidet, både når det gjeld vidare kartlegging og utforming av retningslinjer. Utarbeiding av kulturminneplan bør skje i regi av fylket, som kulturminnestyresmakt.</p> <p>Det vil vera</p> |

|   |   |
|---|---|
| <p><i>her mener nasjonalparkstyret eller den aktuelle forvaltningsstyresmakten for det gjeldende temaet. Et eksempel er for eksempel retningslinjer som sier at «forvaltningsstyresmakten kan gi tillatelse til istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner. Et slikt tiltak vil i de fleste tilfeller måtte behandles etter kulturminneloven, og det er nødvendig med tillatelse fra både kulturminnesstyresmakten og nasjonalparkstyret. - - - Vi ber om at en går gjennom gjeldende lover, og rutiner for saksbehandling, og at disse innarbeides i forvaltningsplanen. - - -»</i></p>  | <p>viktig å kjenne rollene og kven som er forvaltningsstyresmakt under omtale av kulturminne.</p>   |
| <p><u>Gjendebåten AS, 01.12.2015</u><br/> - Informasjon om planar angående ny rutebåt<br/> - Innspel om betre merking og utfylande informasjon om Besseggen</p>   | <p>Innspela er fylgd opp i eigne saker</p>  |
| <p><u>Gjendesheim Turisthytte, 08.12.2015</u><br/> Spørsmål om sykling og organisert ferdsel</p>  | <p>Det vart i 2016 inngått avtale om utarbeidng av Fagnotat for vurdering av sykling og organisert riding</p>   |
| <p><u>Samanslutnad av grunneigarar i Vang v/ Jon Lerhol, 31.01.2016:</u><br/> <i>Følgjande sameiger har behandla saka på eit felles møte :</i><br/> Kristoffer Kvame v/ Kristoffer Kvame<br/> Nybu sameige v/ Nils H Leine<br/> Hestevølladn sameige v/ Helge Remmen<br/> Synsbekk sameige v/ Arne Belsheim<br/> Hålien sameige v/ Ole Thomas Grythe Nygård<br/> Raufjord sameige v/ Helge Remmen<br/> Strand og Kasa sameige v/ Astrid Tveit<br/> Kvithaug og Ondalen sameige v/ Ola P. Oldre<br/> Olø og Seksin sameige v/ Jon Lerhol</p> <p><i>Etter gjennomgang av utsendt forslag til revisjon av fovaltningsplan for Jounheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, har følgjande grunneigarlag/sameiger ingen innvendingar i og med at planen kun berører arealet innanfor grensene til Jotunheimen Nasjonalpark, og ikkje våre inntilligjande område. Dette vart også bekrefta på infomøte på Mjøsvang kafe no like før jul, at revisjon skal gjelde innanfor nasjonalparken.»</i></p>   | <p>Endringar i grenser er ikkje tema i ein planrevisjon</p>   |
| <p><u>Norges Klatreforbund, 31.01.2016:</u><br/> <i>“Norges Klatreforbund (NKF) er en organisasjon som favner mange av de norske klatrerne. NKF har pr. 2015 ca 20.000 medlemmer. Vi har fokus på all type klatring, fra konkurranseklatring til klatring i høyfjellet. Videre har vi et høyt fokus, og sterke tradisjoner, innen naturvennlig friluftsliv, sporløs ferdsel og retten til fri ferdsel. Vår interesse knyttet til revisjon av forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark knytter seg til DNT Oslo sin hytte «Skagastølsbu», også kalt «Hytta på Bandet». - - - Hytta fungerte som ei ubetjent turisthytte fram til midt på 1990-tallet. DNT Oslo valgte da å gjøre endringer knyttet til bruken, og den fungerer pr. i dag som en nødbu. NKF ønsker at hytta igjen skal kunne benyttes som ei ubetjent turisthytte. Dette vil selvfølgelig være et gode for klatrere i området, men det viktigste hensynet er at hytta blir bevart som et levende kulturminne. Vi observerer at en redusert bruk har hatt konsekvenser for hyttas vedlikehold. For at hytta kan bevares på en best mulig måte bør den</i></p> | <p>Drift av ei turisthytte vil krevje div. tiltak for å oppfylle ulike krav, og vil også medføre auke i motorisert transport knytt til drifta.</p> <p>Det har vore eigne møte og dialog mellom DNT og</p> |

|  |   |
|--|---|
| <p><i>brukes. Vi har vært i kontakt med DNT Oslo om dette. Der henvises det imidlertid til at en bruk som ubetjent turisthytte, i henhold til brannforskriften, betinger et anneks. Videre vises det til at dagens forvaltningsplan ikke gir rom for dette. NKF ønsker derfor at forskriften justeres noe, slik at det gis rom for at det kan settes opp et lite anneks tilknyttet Skagastølsbu. - - - Hytta er imidlertid liten og har aldri kunnet huse mer enn 6-8 personer. Men det er nettopp den jevnlige bruken, oppvarmingen av bygget osv. som er viktig for et godt vedlikehold. I forbindelse med kulturminner er det ofte angitt at den beste bevaringen skjer gjennom bruk. Det mener vi også vil være tilfelle her. Kort oppsummert ber vi derfor om at det gjøres en endring i forvaltningsplanen slik at det tillates et anneks tilknyttet Skagastølsbu.- -»</i></p> | <p>forvaltninga, om hytta, og det ligg ikkje føre nokon konkret plan for endring i høve til dagens bruk.</p>                  |
| <p><u>Møtereferat 02.06 2017 - Memurubu – div. saker angående forvaltninga</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Motorferdselløyve Memurubu <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fleirårig løyve, behov for oppdatering i tråd med revidert verneforskrift frå 2014.</li> <li>- Det er i løyvet krav om årleg rapportering, men dette har ikkje vorte fylgd opp.</li> <li>- Gjestetransport vinter</li> <li>- Båttransport Memurubu – storleik på båtmotor / avgrensing av fart</li> </ul> </li> <li>• Utbetring av kraftverket</li> <li>• Landskapsanalyse frå 2004 – oppfølging av plan</li> <li>• Uttak av ved</li> <li>• Ønskje om oppgradering av bygningar på setra og gje dei innhald som kan nyttast i tilknytning til turistbedrifta.</li> </ul>   | <p>Spørsmåla som er tekne opp blir vurderte under dei aktuelle kapitla om turisthytter, bygningar/ anlegg og motorferdsel</p> |

Ein del spørsmål og enkeltsaker har også vore naturlege å ta opp som del av revisjonsarbeidet. Dette gjeld m.a. opplag av båtar ved fiskevatn i nasjonalparken, sak 49/2014. Verneforskrifta viser til avklaring i forvaltningsplanen når det gjeld lagring av båtar.

Revisjonen var drøfta i nasjonalparkstyret i sak 60/2015, med desse punkta som tema:

- *Bommen i Koldedalen, oppdatering av vårt arbeid med saka*
- *Haldning til nye innretningar som el-sykkel og dronar*
- *Ny hytte på Fannaråken, synspunkt på standard og type tilrettelegging*
- *Oppsummering av innspela frå møtet i fagleg rådgjevande utval 16.09.15*
- *Organisert ferdsl, store grupper med overnatting i nasjonalparken*
- *Andre tema*

Parkering ved Koldedalsvegen har kome som eit innspel frå Vang kommune, og i møtereferat frå ope møte i Vang 26.11.15 er diskusjonen om dette temaet oppsummert slik:

«Koldedalen

- *Ved gjennomgangen vart det kort orientert om historikk og ny dialog med Hydro.*

*Parkeringsforholda er langt frå tilfredsstillande, og tidlegare forsøk på å betre desse har stoppa opp. Høge kostnader til grunnverv sist saka var oppe gjorde det urealistisk å finn ei løysing innan dei svært avgrensa økonomiske rammene ein har i forvaltninga.*

*Løyving til tiltak over statsbudsjettet har også gått ned dei siste par åra.*

- *Bommen står ved grensa til landskapsvernområdet. Alle kjører så langt dei kjem, og dette gjev kaotiske parkeringsforhold og utfordring med framkommelegheit på store utfarts dagar.*

- *I nærområdet til bommen er dei naturgjevne forholda relativt lite eigna for opparbeiding av parkeringsplassar, da ein vil få store inngrep for å få til ei tilrettelegging som er i samsvar med behovet.*

- *Det å flytte bommen ned til Tyinholmen og nytte parkeringa der vart sett på som ei uakseptabel løysing av dei framførte. Dett gjev ei lang distanse på grusveg før ein kjem inn i fjellheimen, og medfører dårleg tilgjenge til fjellområdet.*

- Som beste løysing vart det i møtet framheva å leggje til rette for parkering inne ved tippet. Her er det allereie gjort store terrenginngrep, og dette vil samla gje minst belastning på landskapet. Prinsippet om at ein ikkje skal ha parkering innafor verneområdet er til hinder, og også Hydro kan ha motførestillingar til ei slik løysing.

- Det er eit grustak midtvegs mellom Tynholmen og bommen der det ligg betre til rette for opparbeiding av parkeringsplassar utan store nye terrenginngrep, men forsamlinga meinte at også dette ligg for langt unna til å opplevast som ei god løysing for brukarane.»

### Innspel motteke etter oppstartmelding av 09.07.2021:

| Innspel, oppsummering   | Merknad  |
|---|--|
| <p><u>Årdal Energi Nett AS, brev ved oversending av 16.07.21</u><br/>           Utdrag:<br/> <i>«Årdal Energi Nett as har elektriske anlegg innenfor planområdet, og det er viktig å sikre at det kan utføres nødvendig drift, vedlikehold og fornyelse av anleggene innenfor planområdet.</i></p> <p><i>Anlegg i Utladalen landskapsområde er:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgspenlinje fram til nettstasjon i Avdalen og vidare til Vetti , lengde innanfor landskapsområde 3,9 km.</li> <li>• Lågspenlinjer/kablar i Avdalen, lengde 0,8 km</li> <li>• Lågspenlinjer/kablar i Vetti, lengde 0,5 km</li> <li>• 2 stk Maste/nettstasjonar</li> <li>• 6 stk nettkundar med eit totaluttak på ca 40 000kwh i året</li> <li>• Årleg vedlikehaldkostnader på ca 250 000,-</li> </ul> <p><i>«I verneplanens bestemmelser må det sikres rett til drift, vedlikehold og fornyelse av eksisterende energi- og nettanlegg. Dette gjelder også nødvendig bruk av motorkjøretøy/helikopter/drone for å utføre disse oppgavene. Det er etablert luftledninger innenfor verneområdet, og dermed må det også kunne utføres nødvendig skogrydding for sikker drift av luftledningen. Alle slike arbeider må kunne utføres uten at det må søkes dispensasjon fra vernebestemmelsene.»</i></p> <p>Det er vidare gjort greie for bransjestandard for skogrydding etter <i>REN Blad nr 2024</i> for høgspenlinjer og lågspenlinjer, med vedlikeholdshogst ca kvart 5/6 år.</p> <p><i>«Linje Hjelle – Vetti har stort vedlikehaldsbehov framover og Årdal Energi Nett ynskjer å sjå på alternativ forsyning til Avdalen og Vetti»</i></p> | <p>Verneforskrifta legg til grunn at det må søkjast dispensasjon for all motorferdsel som ikkje er direkte heimla i forskrifta. Det er ikkje lagt opp til nokon revisjon av verneforskrifta i samband med revisjon av forvaltningsplanen. Ønsket om fritak frå søknad om dispensasjon kan derfor ikkje imøtekomast innan gjeldande rammer. Det er aktuelt å gje fleirårige dispensasjonar for motorferdsel knytt til drift og vedlikehold av eksisterende energi- og nettanlegg. Når det gjeld fornying og oppgradering blir sakene behandla som enkeltsaker, i tråd med verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 m)</p> <p>Ved linjerydding må det takast omsyn til at anlegget ligg i eit mykje besøkt landskapsverneområde. Motorferdsel knytt til planlagt rydding kan leggjast inn i eit fleirårig løyve. Alternativ kraftforsyning til Avdalen og Vetti vil bli behandla etter verneforskrifta når ein eventuell søknad ligg føre.</p> |
| <p><u>Riksantikvaren, e-post av 9. august:</u><br/>           Dei viser til eventuelle innspel frå kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar derfor ikkje saka.</p>   | <p>OK</p>  |

Statsforvalteren i Vestland, brev av 06.09.2021

Statsforvalteren i Innlandet, brev av 07.09.2021

Innspela frå statsforvaltarane er i stor grad samordna, og blir referert og kommentert samla.

#### **Generelt:**

*Det er svært positivt at Nasjonalparkstyret nå set i gang arbeidet med å slutføre revisjon av forvaltningsplanen/besøksstrategien for Jotunheimen/Utladalen. Dette har vore eit arbeid som har gått over lang tid. Forvaltninga av verneområda i Jotunheimen har etter Statsforvaltaren sitt syn likevel vore gjennomført på ein svært god måte der ein har brukt prinsippa/tilrådingane i dei mellombelse dokumenta som grunnlag i forvaltninga. Det er likevel viktig at forvaltningsplanen no blir ferdigstilt, og at besøksstrategien inngår i planen. Dette er viktig både for at brukarane skal lett sjå kva for retningslinjer/rammer som gjeld, men også for forvaltninga/nasjonalparkstyret i den daglege forvaltninga.*

#### **Kunnskapsgrunnlag og historikk**

*«Forvaltningsplanutkastet frå 2008 var omfattande og utarbeidd i samarbeid med dei lokale tilsynsutvala som den gongen var ein del av forvaltninga. - -»*

#### **Sonedeling**

*«Statsforvaltaren støtter framlegget med vidareføring av den differensierte soneinndelinga for Jotunheimen/Utladalen. Dette er ei soneinndeling som har fungert godt sidan den første forvaltningsplanen vart godkjend, og som ikkje minst har aksept lokalt og hos dei ulike brukarinteressene. Det sikrar område også for det enkle og lite tilrettelagte friluftslivet, sjølv i eit område som Jotunheimen som har høg bruk og tilretteleggingsgrad.»*

#### **Villrein**

*«Å ta vare på leveområdet for villrein er ein del av verneformålet for Jotunheimen.*

*Norge har et internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen. - - Villreinstammen i Vest-Jotunheimen har vore gjennom fleire tilbakeslag dei siste 20 åra. I tillegg er klimaendringar venta å føre til forverra levetilhøve for villreinen. Alt i alt tilseier dette at ivaretaking av villreinen sine leveområde bør gjevast særskilt merksemd i forvaltningsplanen.*

*Nasjonalt har det vore aukande fokus på å ta vare på villreinen dei siste åra, og «Kvalitetsnormen for villrein» vart fastsett i juni 2020. For Vest-Jotunheimen, er planen at kartlegginga, som skal vere grunnlaget for klassifisering av områda, skal vere ferdig til hausten 2023. - -*

*Gjennom kvalitetsnormen for villrein skal tilstanden for villreinbestanden og dens leveområde vurderast kvart fjerde år. For å unngå unødig dobbeltarbeid tilrår vi at bevaringsmålet for villrein blir knytt til klassifiseringa i kvalitetsnormen.*

*Forslag til bevaringsmål er:*

*«Indikatorerne i kvalitetsnormen for villrein skal ha ein kvalitet som tilsvaret gul eller grøn klassifisering».*

*Kvalitetsnormen for villrein» vart fastsett i juni 2020.*

#### **Rovfugl**

*«Bevaringsmål for rovfugl meiner vi bør vinklast mot bevaring av hekkeområdas kvalitet, framfor å kople bevaringsmåla til tal par. Her bør det vurderast om historiske hekkeplassar som har gått ut av bruk skal vere med.»*

Forvaltningshistorikken kan bidra til å skape forståing for dei ulike avvegingane og vurderingane som er gjort, og med det dempe konfliktnivået i vanskelege saker. Det vidare arbeidet vil derfor i stor grad byggje på arbeidet som danna grunnlag for utkastet som vart ferdigstilt i 2008, men med nødvendige oppdateringar i høve til endringar i rammeverk og nyare overordna føringar for nasjonalparkforvaltninga i Noreg.

Sonedelinga er planlagt vidareført.

«Kvalitetsnormen for villrein» og fagnotat frå 2016 som samanstillert kjent kunnskap om villreinen i vest-Jotunheimen vil vera sentrale dokument for planrevisjonen.

Rovfugl kan vera svært sårbare overfor uroing i hekkesesongen. Det er utført kartleggingar og sårbarheitsvurdering for

|  |  |
|--|--|
| <p>Andre fuglar:<br/> <i>«I tillegg til rovfugl og villrein ser vi at fjellhekkande ender er ei gruppe det er viktig å ha fokus på, og som krev omtanke og omsyn på lik linje med rovfuglar. Viss ikkje denne artsgruppa allereie er kartlagt nok ift. sårbare område, er dette noko styret bør bestille kartlegging og analyse av.»</i></p> <p><b>Organisert ferdsel</b><br/> <i>«Med den utviklinga vi ser innan organisert ferdsel, bør det av omsyn til verneverdiane og i høve til likebehandling av aktørar, vurderast om ein kan innføre <u>meldeplikt</u> for alle type av organisert ferdsel.<br/> Dette gjeld óg organiserte aktivitetar som blir utøvd individuelt, som digitale turpostar. Ei slik meldeplikt vil gje forvaltninga oversikt over aktivitetsnivået, og dei kan sile ut kva slag tiltak som krev søknad.»</i></p> <p><b>Motorferdsel</b><br/> <i>«Det er viktig å halde motorferdsel i Jotunheimen og Utladalen på eit lågt nivå av omsyn til naturen og friluftslivet. Vi vil tilrå at det i samband med forvaltningsplanarbeidet blir gjort ein gjennomgang av motorferdselløyva, både m.o.t. tal løyve, tal turar og fordelt på ulike føremål.<br/> Det er viktig å vere merksam på at retningslinjene i forvaltningsplanen ikkje må vere i strid med lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter.»</i></p> <p><b>Inngrep / Koldedalen</b><br/> <i>«I Utladalen landskapsvernområde og nokre få stader i Vest-Jotunheimen er det inngrep frå kraftutbygging på 1960-talet, som gamle steintippar og anleggsveg. Ein bør sjå på om det er tiltak som bør gjerast for at desse inngrepa kan verte mindre synlege i landskapet. - - -<br/> Ved Koldedalsvatnet har dei gamle tippmassane etter kvart fått eit nokså naturleg preg. Samstundes er det mykje ferdsel i området, og trafikk på anleggsvegen inn til grensa for landskapsvernområdet. Her bør ein som ein del av besøksstrategien ta oppatt dei uferdige planane om ein P-plass utanfor vernegrensa (utpeikt område for P-plass ligg i Innlandet fylke) slik at ein kan få på plass økonomiske midlar til dette.»</i></p> | <p>rovfugl.</p> <p>Tilsvarande kartlegging av fjellhekkande ender manglar. Ein vil vurdere behov for ressursar til kartlegging.</p> <p>Organisert ferdsel vil verta eit sentralt tema i planrevisjonen.</p> <p>Det vil bli gjort ein gjennomgang av motorferdselløyva. Det blir også vurdering av bruken av Vettisvegen og motorferdsel knytt til bruken av stølshusa/hyttene på Vettismorki.</p> <p>Det er gitt innspel til Hydro/NVE om ulike inngrep etter synfaring om fornya konsesjon for Fortun-/Grandfasteutbygginga (22.09.21).</p> <p>Det er ulike meiningar om korleis parkeringa i Koldedalen skal løysast, og dette vil bli tema i prosessen.</p> |
| <p><u>Stiftinga Norsk Fjellmuseum, 09.09.21:</u><br/> <i>«Norsk fjellsenter er eit autoriser naturinformasjonssenter for nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen nasjonalpark, meir spesifikt eit besøkscenter nasjonalpark. Senteret skal vere der for alle som ynskjer informasjon og søker aktivitetar i naturen. Vidare skal senteret presenterer nasjonale og internasjonale verdiar ved eit område eller eit tema, gjeva forståing for kvifor ein skal ta vare på dette og inspirerer til å ville lære om og oppsøke natur.<br/> Besøkssentra blir autorisert kvart 5. år og har formål og eit sett autorisasjonskriterier vi skal arbeide etter. - - -</i></p> <p>I uttalen er det vidare orientert om retningslinjer for sentra. «- - - Besøksentrene skal spre kunnskap og skape oppmerksomhet om sitt felt. De skal bidra til lokal, bærekraftig verdiskaping gjennom måten de drives på. - - - Sentrene forutsettes å ha et nært samarbeid med verneområdestyret og nasjonalparkforvalteren i de områdene der ordningen er etablert.» - - -</p>  | <p>Norsk fjellsenter er forvaltningsknutepunkt med kontor for forvaltarar for Jotunheimen og Reinheimen.</p> <p>Det er eit godt samarbeid med nasjonalparkforvaltarane og fjellsenteret.</p>   |

|  |  |
|--|--|
| <p><u>Norges vassdrags- og energidirektorat, 10.09.21</u><br/> Det er ein fullstendig oversikt på alle energiinstallasjonar i verneområda og vist til behov for dispensasjonar knytt til drift og nødvendige utbetringar.</p> <p>Innspelet konstaterer at «<i>Verneforskriften til dette området har de nødvendige standardbestemmelsene for drift, vedlikehold og oppgradering av energianlegg, samt motorferdsel i forbindelse med oppgradering/fornyning av kraftanlegg og kraftlinjer.</i>»</p> <p>NVE oppfordrar til å ta kontakt med dei ulike aktørane og høyre om dei eventuelt har innspel til forvaltningsplanen.</p>  | <p>Melding om oppstart av forvaltningsplanarbeid er sendt, men ordninga med å skilje ut nettselskapa som eigne einingar gjer at partslista må oppdaterast, i tråd med oversikten frå NVE.</p> <p>Som vist til i brevet så har verneforskriftene nødvendige standardføresegner for kraftanlegg og kraftlinjer. Ein har likevel ved m.a. dialog med Hydro Energi AS registrert at motorferdsel ved akutt uttrykking ved utfall burde hatt eit særskild vurdering, da dette er saker som ein uansett ikkje kan avslå pga tryggleik og store samfunnsinteresser.</p> |
| <p><b>Norsk Organisasjon for Terrengsykling (NOTS)</b><br/> NOTS har ein utførleg uttale, med fleire konkrete forslag til kor det vil vera mest relevant med sykling. Generelt meiner dei det er lite behov for å nytte heimelen i § 3 pkt. 5.2 til å forby sykling: «- - NOTS har sett at det iblant innføres strengere ferdelsrestriksjoner enn frilufsloven § 2 ved vern etter naturmangfoldloven: Vårt utgangspunkt er at Stortinget gjennom frilufsloven § 2 har foretatt en interesseavveining som bør respekteres. Avvik fra frilufslovens hovedregel bør derfor bare skje der reelle, faktabaserte og tungtveiende vernehensyn tilsier dette. Holdningen til sykling som en aktivitet på lik linje med andre frilufs- og ferdelsformer, er videreført av Regjeringen i frilufsmeldingen fra 2016. NOTS mener derfor at en solid redegjørelse må ligge til grunn før det legges begrensninger på prinsippet om fri ferdsel, og vi ønsker å bidra i denne prosessen. Vi minner om at bruk av tråsykkel kun er lovlig på sti og at det er høyst begrenset skadeevne ferdsel med sykkel har, så lenge det ikke er tale om idrettsarrangementer. - - Brukerundersøkelsene indikerer en beskjeden inngang av brukere på sykkel primært i parkens randsoner, og vi mener at mesteparten av den økte slitasten ved samlet belastning kan håndteres, samtidig med at dette i hovedsak dreier seg om dalbunnene i Nasjonalparken, - -<br/> -<br/> NOTS mener at alle innskrenkninger i ferdelsrettighetene må bygge på et «minste inngreps prinsipp». Man bør forsøke andre restriksjoner og tiltak, før forbud som hovedregel innføres, og vi anser at virkemidler som beskjeden tilrettelegging og omruting i Sone 2 og Sone 3 vil være tilstrekkelig.»<br/> Merknad: Sone 2 og 3 refererer til dei gule sonene i forvaltningsplankartet.<br/> «<b>Vintersykling</b></p> | <p>Innspela vil bli nærare vurdert i planprosessen</p>   |



|  |   |
|--|---|
| <p>NOTS er enig i at dette er en økende aktivitet, men primært knytter vintersykling seg til mer preparert underlag og skiløyper/scooterspor enn sykling på «kompasskurs» i utmark. Rent juridisk må syklingen forholde seg til de samme reglene uavhengig av årstid, som skaper en utfordring all den tid en sti i fjellet sjelden vil ha synlige varder eller annen merking i vintersesongen, utover det som kvistes og driftes som skiløyper. Bruksomfanget her er imidlertid helt minimalt og fra vår side er dette ikke ansett som en problemstilling med betydning for verneformål eller verneverdier i det hele tatt. - - -</p> <p>Vi er generelt opptatt av at hensynsfull ferdsel mellom brukergruppene er en kontinuerlig holdningsskapende prosess, og på tekniske stier vil hastigheten være lav. Vi anser det derfor som lite aktuelt med egne stier eller på annet vis separasjon av brukergruppene, utover i svært begrenset omfang i randsoner dersom trengselen skulle bli stor.»</p>   |   |
| <p><b>Innlandet fylkeskommune</b><br/>Viser til innspelet frå 2015, og utfyllande innspel på ulike tema:</p> <p><b>Miljømessige forhold</b></p> <p><u>Vannmiljø</u><br/>Som regional planmyndighet etter plan- og bygningsloven, vil vi i Innlandet fylkeskommune minne om vårt ansvarsområde med oppfølging av de regionale vannforvaltningsplaner i eget fylke. - - - Planområdet til forvaltningsplan og besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde ligger innenfor Innlandet og Viken og Vestland vannregion, og gjeldene regionale planer for vannforvaltning. - - - (Se <a href="http://www.vannportalen.no">www.vannportalen.no</a> for mer informasjon). Vi ønsker at de regionale planene for vannforvaltning og vedtatte miljømål for vannforekomstene innenfor verneområdene kobles til den helhetlige forvaltningen av verneområdene. Fylkeskommunen er også ansvarlig for forvaltningen av høstbare, ikke-truede arter av innlandsfisk, og ønsker å være en aktør i utvikling knyttet til nærings- og fritidsfiske i Innlandet. - - -</p> <p><u>Villrein</u><br/>Differensiert forvaltning av nasjonalparken med soneinndeling bør videreføres, særlig av hensyn til villrein. På denne måten kan man skjerme sårbare eller urørte områder. Eksempelvis er Hurrunganeområdet viktig for villreinen. - - - Det er i forvaltningen av villrein ønskelig med utveksling mellom bestandene i Vest-Jotunheimen og Breheimen. Dette må allikevel vurderes fortløpende i forhold til utviklingen av skrantesyke i Norge. Ved smitte i et nærliggende område er det ikke ønskelig med utveksling mellom villreinområdene. Den endelige forvaltningsplanen bør inneholde beskrivelse av forventede eller identifiserte effekter av klimaendringer. Dette for å ha et grunnlag for å vurdere belastning av endret klima på verneverdiene, og planlegging av skjøtselstiltak som motvirker negative effekter av klimaendringer.</p> <p><u>Besøksforvaltning</u><br/>Brukerundersøkelser fra Jotunheimen viser at de besøkende til Jotunheimen blir stadig mer internasjonale. Videre blir det flere førstegangsbesøkende og besøkende med mindre friluftslivserfaring. I tillegg er det en generell økt preferansene for</p> | <p>Det er positivt at fylkeskommunen samla sett gjev tilslutnad til den planlagde prosessen: «Fylkeskommunen har ingen vesentlige planfaglige merknader til det varslede planarbeidet eller den foreliggende prosjektplanen.»</p> <p>Uttalen presiserer at den berre gjeld nasjonalparken, da Utladalen LVO ikkje har areal i Innlandet fylke. Det vil vera viktig med eit tett samarbeid for å avklare roller og forventningar når det gjeld kulturminne i verneområdet. Utarbeiding av ein eigen kulturminneplan ligg utanom ansvarsområdet til nasjonalparkstyret, men det vil vera viktig å lage gode retningslinjer for bevaring av ulike typar kulturminne og å vurdere kanalisering av trafikk unna sårbare område i besøksforvaltninga. Det vil vera viktig med god dialog og samarbeid med fylkeskommunane, som har fagansvar for kulturminne.</p> |

nettbasert informasjon. Det er viktig å tilpasse besøksstrategiene denne utviklingen. - - -

### **Kulturvern faglige forhold**

« - - Forslaget til forvaltningsplan som ble utarbeidet i 2008 gir et godt innblikk i kunnskapsstatus for områdets kulturhistorie, og de mange kulturminnene der. I dag er kunnskapsbildet noe endret, og en revidert forvaltningsplan bør reflektere dette. - - - Kulturavseksjonen viser til våre innspill til varsel om oppstart av forvaltningsplan fra 12.11.2015. som skal tas med som grunnlagsdokument i den videre prosessen. - - -

### Breearkeologi

Særlig har de siste års smelting av isfonner og breer gitt ny og viktig kunnskap om bruken av fjellområdet. Disse breearkeologiske funnene er svært sårbare, og på bakgrunn av klimaprognosene må en forvente at det vil smelte ut flere gjenstander i tiden fremover. Kjente sårbare områder bør kartlegges, og det bør utarbeides bevaringsmål, tiltak og retningslinjer som sikrer dette funnmaterialet på en god måte. Dette gjelder spesielt rundt områdene ved Surtningssueokse, Styggebreen, Høgdebråtet/Kvassryggen, Nautgardstind og ulike fonner rundt Glittertind.

### Kulturminneplan, kulturminneregistreringer og besøksstrategi

God kunnskap om kulturminner vil styrke en kunnskapsbasert og strategisk besøksforvaltning. Det er registrert et stort antall kulturminner innenfor nasjonalparken og svært mange av disse er knyttet til jakt i forhistorisk tid og middelalder. - - -

Det bør også kartlegges hvilke kulturminner nær kjente ferdselsstier og vandreruter, som regnes for tilrettelegging og skilting til publikum.

Behovet for ytterligere registreringer er stort, fordi man uten en bedre oversikt ikke kan peke ut sårbare kulturmiljø som kan utsettes for skade og slitasje ved økt trafikk. Blant annet er potensialet for ukjente steinalderboplasser stort ved flere av vannene. Dette er en kulturminnetype som ofte er sårbare for etablering av leirplasser. En bedre oversikt vil kunne bidra til å gjøre besøksstrategien til et bedre verktøy for å styre ferdsel bort fra sårbare områder og spesifikke kulturmiljø. - - -

Tilrettelegging av kulturminner krever samarbeid mellom kulturminnemyndighetene og nasjonalparkforvaltning. Det er vesentlig med helhetlig tenkning omkring de ulike miljøverdiene, både naturverdier og kulturminneverdier. Kanalisering av ferdsel må skje til områder og kulturminner som tåler tilrettelegging og det må vurderes alternativ formidling av kulturminneverdier, ikke bare fysisk tilrettelegging. - - - Gjennom videre samarbeid med forvaltningsmyndighetene bør kulturminner som er utsatt for relativt rask endring eller forfall dokumenteres. Det samme gjelder utarbeiding av en kulturminneplan, som kan vise sammenhenger, prioriteringer og planer for formidling og tiltak. Kulturminneplanen bør fokusere på skjøtsel, tilrettelegging, bevaring og restaurering av kulturminnene i området. Det bør i så stor grad som mulig lages klare mål for når foreslåtte tiltak skal ferdigstilles. - - -

En god forvaltning av kulturarven fordrer at dette ikke bare blir registrert og kartfestet, men at det og foretas en verdivurdering

Innspela blir tekne med i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen.

|  |           |
|--|-----------|
| <p>og vekting av hvilke verdier en ønsker å ta vare på.»</p> <p><u>Krigsminner</u><br/> Tidligere undersøkelser rundt Gjendesheim/Maurvangen viser at det finnes kulturminner fra andre verdenskrig i områder nær nasjonalparken. - - - Vi mener at det bør gjennomføres en tilstrekkelig undersøkelse og registrering av krigsminner innenfor verneområdet, særlig i områder med stor trafikk og hvor det tilrettelegges med nye stier og informasjon. Både forvaltningsplan og besøksstrategi bør reflektere dette.</p> <p><u>Retningslinjer og tiltak til kulturminner og kulturlandskap</u><br/> Det er viktig at retningslinjene for kulturminner og kulturlandskap er formulert slik at planen kan anvendes som et nyttig verktøy i fremtiden. Retningslinjene som ble foreslått i forvaltningsplan fra 2008 gir gode føringer for forvaltningen av kulturminner. Vi mener likevel disse med fordel kan presiseres ytterligere. - - - metallsøking i utmarksområder. I utmark kan denne aktiviteten føre til at en graver seg ned i intakte arkeologiske kontekster, og ødelegger disse. Vi ønsker at kulturminner i utmark skal bevares der de er. - - - - -</p> <p>For kulturminner fra nyere tid er det viktig at det legges vekt på bevaring framfor riving. Verneverdige kulturminner uten formell vernestatus skal ha beskyttelse i nasjonalparkene. En spesiell utfordring for slike kulturminner er faren for manglende vedlikehold og forfall. Vurdering av kulturhistoriske verdier for kulturminner fra nyere tid bør skje i samarbeid med Kulturarvseksjonen i Innlandet fylkeskommune. Skjøtsel, istandsetting og restaurering av kulturminner skal avklares med kulturminnemyndighetene. - - -</p> <p>Det bør utarbeides retningslinjer for sakbehandlingspraksis som sikrer at kulturminnemyndighetene får mulighet til å uttale seg til tiltak som kan berøre kulturminneverdier. Miljødirektoratet har i samarbeid med Riksantikvaren utarbeidet en veileder - - - <a href="http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/Oktober-2015/Kulturminner-i-omrader-vernet-etter-naturmangfoldloven/">http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/Oktober-2015/Kulturminner-i-omrader-vernet-etter-naturmangfoldloven/</a> - - -</p> <p><b>Samferdselsfaglige forhold</b><br/> «- - - I tillegg til at fylkeskommunen uttaler seg som forvalter av fylkesveger, har vi samferdselsfaglig også ansvar for å sørge for at regionale føringer innenfor trafikksikkerhet, samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, miljø og klima, samt tilrettelegging for gående, syklende og kollektivtrafikk, blir ivaretatt i planleggingen.»</p> |           |
| <p>Vågå kommune, punktvis oppsummering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støttar sonedelinga</li> <li>• Ivareta brukarinteresser som fiskeing og beitebruk</li> <li>• Allemannsretten</li> <li>• Kjem attende til planen i høyringa</li> </ul>  | <p>OK</p> |

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og

Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter sist revidert frå 01.01.2020.

## Verneformål – forskrifter

Revisjon av forvaltningsplanen skjer innan rammene sett av gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen og Utladalen, sist revidert 14.11.2014.

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2014-11-14-1398>

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2014-11-14-1399>

Endringsvedtak som opna for bruk av el-sykkel på 2 utvalde vegar vart gjort 27.11.2020.

Det er ikkje lagt opp til endring av verneforskriftene gjennom denne prosessen. Innspel om endringar blir fylgd opp som vist til i prosjektplanen kap. 2.4.1.

## Vurdering

Forvaltningsplanen skal gje utfyllande retningslinjer for ulike brukarinteresser

- Tekniske anlegg
- Bygningar
- Kulturlandskapet
- Landbruk
  - Jordbruk, skogbruk, setring
- Reindrift
- Jakt, fiske og friluftsliv
- Reiseliv
- Organisert ferdsel
- Motorferdsel
- Besøksforvaltning

Forslaget til forvaltningsplan frå 2008 er bygd på ei brei involvering og høyring, og vil bli brukt som grunnlag for dei nye planane. Det vil likevel vera behov for ein del justeringar, i tråd med endeleg vedtekne verneforskrifter, naturmangfaldlova og andre endringar som har skjedd. Det er fleire punkt i forskrifta som refererer til forvaltningsplanen som eit avklarande dokument, og særleg når det gjeld organisert ferdsel vil forvaltningsplanen gje føresetnader for korleis desse aktivitetane kan styrast og tilretteleggast for å unngå at det går ut over verneverdiane.

Ordlyden om organisert ferdsel føreset utfyllande reglar i forvaltningsplanane:

### **5.2 Organisert ferdsel**

*Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.*

For å få oversikt over kva verksemdar som driv organiserte aktivitetar innan verneområda er det nødvendig med ei eller anna form for registrering gjennom søknad eller melding. Vi har bra oversikt på aktivitetane til lokale verksemdar, men manglar oversikt på aktørar utanfrå.


Det er også fleire andre tema der verneforskriftene viser til forvaltningsplanen, men det er særleg innan naturbasert reiseliv og organiserte aktivitetar det må gjerast ein større jobb for å kartlegge behov og utfordringar, og ut frå dette å koma fram eit opplegg som opnar for verdiskaping og som samtundes tek vare på verneverdiane. Det bør derfor gjennomførast temamøte med representantar for brukargruppene i 2022 for å få innspel frå næringa.

## Sonedeling

Sonedeling blir tilrådd vidareført, som eit verkty for differensiert forvaltningspraksis.

Vidareføringa er støtta av fleire som har kome med innspel til planarbeidet så langt. Ordninga er godt innarbeidd gjennom tidlegare arbeid medforvaltningsplanar, og sikrar område også for det enkle og lite tilrettelagte friluftslivet, sjølv i eit område som Jotunheimen som har høg bruk og tilretteleggingsgrad gjennom eit omfattande nett av merka stiar / løyper.





## Vernegrensar

Daverande Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn la i pressekonferanse i september fram eit oppdrag om nye verneområde og utviding av eksisterande. Jotunheimen NP var blant nasjonalparkane som kan bli foreslått utvida. Dette vil i så fall bli eit oppdrag frå Miljødirektoratet til Statsforvaltarane, som ansvarlege for utgreiing av nye verneområde. Forvaltingsplanarbeidet vil forhalde seg til områda som alt er verna, og vil ikkje ta opp spørsmålet om eventuelle utvidingar. Dersom det kjem konkrete verneforslag opp til behandling medan revisjonen pågår, vil ein i samråd med Statsforvaltar/Miljødirektorat vurdere korleis den aktuelle situasjonen skal følgjast opp.

## Verneforskrifter

Revisjon av forvaltningsplanen skal i utgangspunktet skje innan gjeldande rammer for forvaltninga, og terskelen for endringa av forskriftene er høg.

## Kulturminne

Det er viktig å ha ei god rolleforståing mellom fylkeskommunane som fagmyndigheit for kulturminne og verneområdeforvaltninga. Sekretariatet vil ha dialog med fagmiljøet i fylka, og vil også invitere administrativt kontaktutval til felles gjennomgang av aktuelle kapittel i planen.

## Status i høve til framdriftsplan i kap. 6 i prosjektplanen:

- Oppstartbrev juli 2021
- Frist for innspel september 2021
- Orientering til Rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og styret 16. september
- Styret får prosjektplanen til godkjenning 15.11.21

## Utarbeiding av første utkast

- Vinter/vår 2021/22:  
Utarbeiding av utkast til digitale forvaltningsplanar for Jotunheimen og Utladalen. Bruk av administrativt kontaktutvald for kunnskapsdeling og dialog. Drøfting i nasjonalparkstyret før oversending til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning
- Opne infomøte kommunevis, ved ønskje
- Temamøte brukargrupper ved behov/ønskje

- Opne møte og eventuelle synfaringar for aktuelle tema i bermarksesongen 2022:

### **Høyring**

- Høyringsbrev, med planutkast og invitasjon til aktuelle synfaringar
- Temamøte nasjonalparkstyret
- Temamøte rådgjevande utval
- Møte med administrativt kontaktutval og brukargrupper ved behov
- Aktuelle tema: Motorferdsel, innfallsportar og parkeringsforhold, m.m.

### **Ferdigstilling**

Planane kan tidlegast vera ferdige ved utgangen av 2023. Ein må ta seg tid til medverknad og dialog, og høyringsfristane må ikkje verta for knappe. Dersom ein må ta ei ekstra høyring på heile eller delar av planforslaget må ein rekne noko lengre tid.

|                  |              |                |            |       |            |
|------------------|--------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2021/11581-1 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 09.11.2021 |
|------------------|--------------|----------------|------------|-------|------------|

|   |                  |                 |
|---|------------------|-----------------|
| <b>Utval</b>                                    | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 41/2021          | 15.11.2021      |

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Søknad om tiltaksmidlar 2022

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar for 2022 via elektronisk søknad til følgjande tiltak:

#### Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Utsiktsplattform Vettisfossen, tilrettelegging og sikring (medfinansiering)
- Utsjekk og supplering av igangsette tiltak ved av innfallsportane (mindre terrengarbeid rundt nye informasjonstavler, montering sikteskive, m.m.).
- Temabrosjyrer dyre- og planteliv

#### Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak skjer seinare

- Vidareføre arbeid på stien Vetti/Vettismorki
- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med registrert slitasje og erosjon
- Stivurdering og ryddetiltak ved Glittertinden

#### Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett SNO-Jotunheimen):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrte beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrte beite ved Gjendebu (geit)
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år – ikkje på dagsorden i 2022.

#### Forvaltningsplan

- Auke kunnskapsgrunnlaget – jf. pågåande arbeid med revisjon av forvaltningsplan Eventuelt kartlegging av fjellhekkande ender – jf. innspel til planarbeid
- Skjøtelsplan Utladalen; Supplerande kartlegging av lindeskogbestand ovafor Hjelle.
- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, slutføring

#### Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i 2022, etter at Miljødirektoratet har vedteke tildeling av midlar. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap blir vidareført under leiging av SNO/Jotunheimen.

#### Ønskte tenester frå SNO:

- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Jotunheimen og Utladalen.
- Skilting: Standard droneskilt på aktuelle innfartsårer. Ettersyn, supplering.
- Administrasjon av tiltak på stignettet. Kartlegge behov for utbetringar. Særleg behov for bistand med revegetering og kavlelegging knytt til prosjektet med utsiktspunkt Vettisfossen og avsluttande kanalisering ved Besseggen.
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Brev frå Miljødirektoratet om innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområda for 2022 er ikkje motteke. Saksframlegget er med atterhald om eventuelle endringar/tillegg. Ein reknar med at brevet er tilgjengeleg før styremøtet 15/11
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Oversikt tiltak 2021-2024 (vedlegg 1)

## Saksopplysningar

KLD sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar dannar ramma for kva tiltak ein kan søke om. Det har i saksførebuinga vore god dialog mellom forvaltarar og lokalt SNO.

Det er sett opp oversikt på tiltak i verneområda for perioden 2022-24, sjå vedlegg 1.

SNO følgjer opp kulturmarksskjøtsel og ferdselsregistreringar, og kan via tenestekjøpsavtaler bidra med andre tiltak.

Nasjonalparkforvaltarane og Rigmor Solem i SNO vil i møtet orientere nærare om gjennomførte tiltak i 2021 og plan for aktuelle tiltak 2022-24.

## Status og gjennomførte tiltak i 2021

- Utsiktsplattform Vettisfossen, vidareføring av forprosjekt med synfaringar, møtesøknader om finansiering, detaljkartlegging og geologiske vurderingar. Utarbeiding av prosjekteringsgrunnlag og byggesøknad.
- Nye skilt Glitterheim utplassert våren 2021.
- Nye skilt ved Spiterstulen og Leirvassbu er produsert, men skiltleveransen vart sterkt forseinka slik montering på tavlene først skjer til våren att.
- Stiltak mot foten av Vettisfossen utført av Utladalen Naturhus.
- Stiltak Vetti-Vettismorki: Oppstart i september 2021, ved hjelp av eit sherpalag. Behov for vidare arbeid med kavlelegging i samarbeid med DNT-OO og lokale.
- Stiltak i Visdalen mot Galdhøpiggen utført av fjelloppsynet i Lom 2020/21. Tiltak for å førebygge erosjon av smeltevatn er utført på forsommaren 2021.
- Stiltak Besseggen gjennomført i september 2021, ved hjelp av eit sherpalag. Behov for å slutføre og gjennomføre merking for kanalisering til ny trase i 2022.
- Supplerande skilt for tryggleik/turvett over Besseggen er produsert og utplassert.
- Andre stiltak: Utskifting av bolt/kjetting ved Vesleløyfte på Besseggenstigen
- Skjøtsel i Utladalen og ved Gjendebu utført i tråd med plan.
- Statuskartlegging biomangfald og slitasje i området Knutshøe/Øvre Leirungsdalen
- Skjøtelsplan Utladalen teken opp til revisjon og oppdatering. Mål: fullføre 2021-22. Tilleggskartlegging av særleg verdfull lindebestand ved Hjelle bør utførast 2022.



Den samla tilrettelegginga i tråd med merkevaren gjev områda ein meir einskapleg profil.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

### Overordna føringar

*Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025* frå Miljødirektoratet gjev m.a. følgjande føringar: «Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett - - -

*«Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere.*

- - -

*For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.»*

Strategien framhevar følgjande føresetnader for tildeling av midlar:

*«Tiltak skal være forankret i en skjøtsels- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.*

*I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.*

I Handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda står m.a.: "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd."

Utsiktpunktet mot Vettisfossen er av typen «større installasjoner», og vidare oppfølging her er utgreidd som eiga sak – jf. sak 39/2020 i nasjonalparkstyret.

## Vurdering

Det kan søkjast om tiltak til informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje rette til verdiskaping innan rammene for vernet. Alle tiltak skal vera i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen/Utladalen. Ein må derfor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Brukarundersøking frå 2019-20 har gjeve verdfull informasjon om tiltak som blir etterspurt av brukarane.

## **Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien**

Innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» har hatt ei trinnvis gjennomføring, i tråd med gitte løyvingar og kapasitet på personalsida. Vedlagt oversikt viser status for innføring av merkevaren og aktuelle tiltak for søknad 2022. Ein har nå i stor grad fått skifta ut eldre skilt til ny design, men det står att litt avsluttande terrengarbeid m.m. rundt enkelte av skilta. Tiltak som er fullført i tråd med merkevaren markert med grønt. Der det står att litt avsluttande arbeid er fargen litt lysare. Det vil vera viktig å halde installasjonane ved like og eventuelt supplere med nye tiltak, i tråd med besøksstrategien når denne blir revidert. Det bør derfor søkjast om ein pott til å følgje opp eventuelle manglar ved behov.

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må ha høg prioritet i åra framover. Strategien er nå under revisjon, saman med forvaltningsplanen. Vegvisningsskilt (brune skilt) til nasjonalpark langs hovudvegane bør supplerast og oppdaterast til ny design der det framleis står skilt med gamle symbol (stjerne i staden for portal). Forvaltarane i Vestland har diskutert å ta ei felles henvending til Vegvesentet for å starte på ein prosess. I Luster er det aktuelt å samordne informasjon som gjeld Breheimen, Jostedalsbreen og Jotunheimen.

Tiltak som har vore spelt inn tidlegare som ikkje er gjennomført pga. manglande ressursar:

- Temabrosjyre dyre- og planteliv. Det er sett av eit beløp for oppstart i 2021, og arbeidet bør vidareførast i 2022 med andre tema.
- Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar. Utsikten er i tilknytning til anlegget ved Fantesteinvatnet. Toppen er svært lett tilgjengeleg, og har panoramautsikt til Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken/Steindalsnosi. Dette arbeidet er nå godt i gang, men ein får ikkje plassert ut installasjonen før i 2022.

### Utsiktspunktet ved Vettisfossen

er i dårleg stand, og må enten fjernast heilt eller erstattast med ny og tryggare konstruksjon. Utsiktsplattforma er ein større konstruksjon som vil krevje medfinansiering frå andre aktørar – jf. føringar frå Miljødirektoratet. Ein viser til eige prosjektorganisering. Finansieringsbidrag via tiltaksmidlane må prioriterast, dersom ein skal kunne få gjennomført tiltaket. Arbeid med oppgradering av stigen opp lia frå Vetti til Vettismorki er i gang, og det er etablert samarbeid med DNT Oslo og Omegn. Stiltak blir samordna med prosjektet om utsiktsplattform.

### Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar for verneområda er nyttige element ved innfallsportane – jf. resultat av brukarundersøking 2019. Positiv tilrettelegging på utvalde område kan også ha kanaliseringseffekt i høve sårbare område som blir lite profilert. Det er ønskjeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med nytt design er på plass, og dersom ein lagar temabrosjyrer om t.d. fugl må desse også gjerast tilgjengelege digitalt. Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande er aktuelle tiltak. Ved Krossbu blir det arbeidd med geologisti inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Også langs vegen innover Utladalen kan det ligge godt til rette for ein natur-/kulturstig. Det kan også vera andre område i randsonen der ein kan sjå for seg særleg tilrettelegging med naturinformasjon.

### **Stiltak**

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. T.d. inn mot Bøverbreen frå Krossbu er det ein del våte parti med behov for gangbaner ut over dei som alt er lagt ut. I andre område kan stepstones vera eit godt

alternativ. Val av løysing er avhengig av tilgang på stein og forholda på staden. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Det er registrert ein del slitasje på stien mot Glittertinden, og det er behov for ryddeprosjekt på toppen, der gamalt skrot har smelta fram. Det bør søkast om midlar til oppfølging i 2022.

### **Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar**

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i arbeidet med forvaltningsplan. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande. Kapittel om kulturminne i forvaltningsplanen vil gje føringar.

### **Brukarundersøking**

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har vore gjennomført i 1992, 2002, 2010 og 2019. Brukarundersøkingane er analysert, og har fått sine sluttrapportar i 2020. Det er laga eigen brukarrapport for Besseggen, som er den mest besøkte attraksjonen i verneområdet. Rapporten er eit viktig ledd i arbeidet med prosjektet *Besseggen som Nasjonal turiststi*, og nasjonalparkforvaltar ved knutepunktet i Lom er representert i styringsgruppa for dette arbeidet. Av turmåla som inngår i det foreløpige nettverket for aktuelle nasjonale turiststiar, er Besseggen den einaste som ligg i ein nasjonalpark.

### **Skjøtsel (skjøtselsbudsjettet er administrert under SNO):**

Skjøtsel i Gjendebru og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka er omfattande, og har gått over fleire år. Dei siste åra er skjøtselen i Utladalen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtselsplanutkastet manglar formell godkjenning, og arbeid med dette starta opp i 2020/21. Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

### **SNO og andre prioriterte aktivitetar**

Forvaltninga kan be om særlege fokusområde frå SNO.

### Ferdselsteljing

Sentrale punkt får utplassert ferdselsteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid. Ferdselsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

I 2021 var det utplassert teljarar ved Besseggen/Veslløyfte, Knutshøe, Visdalen mot Galdhøpiggen, Helgedalen mot Fannaråken og sien opp frå Vetti til Vettismorki. Dei to første blir foreslått vidareført. Teljar mot Fannaråken blir forslått flytta til Skagastølsdalen. Teljar mot Galdhøpiggen blir foreslått flytta til Juvflye, for å få ein oversikt på ferdsel over Styggebreen utanom det som skjer i regi av lokale fjellføringsfirma som Juvvashytta m.fl. Teljar ved Vetti kan evt. flyttast til å måle trafikken mot nedre stien til foten av fossen. Både 2020 og 2021 har hatt endra ferdselsmønster som følgje av coronasituasjonen. Analyse av resultatata må derfor sjåast mot generelle endringar i reiselivet i desse åra.

Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshø viser behov for å arbeide for å prøve å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Ferdsla over Knutshøe har om lag dobla seg frå 6.554 passeringar i i perioden juni-oktober 2016 til 13.277 passeringar 2021, og ein bør halde fram med registreringane på dette sårbare området. Det var i 2020 og 2021 ein generell nedgang i trafikken som følgje av reiserestriksjonar knytt til coronasituasjonen, men teljar ved Knutshøe har i motsetnad til dei andre områda hatt auke både frå 2019 til 2020 og frå 2020 til 2021.

Teljar i Utladalen i 2020 gav ein overordna oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Ein vil prøve eit opplegg å ha teljar ved stigane mot Vettisfossen og alternere mellom stigen til foten av fossen og stigen opp til Vettismorki dei komande åra.

#### Kartlegging av stislitasje og administrasjon av stiltak

Tilrettelegging og vedlikehald av stigar er framheva som viktige tiltak i besøksstrategien. Forslag til stigiltak i tiltaksplan er basert på registrerte behov i felt. SNO har lokalkunnskap og kompetanse på praktisk stiskjøtsel, og sørgjer for best mogleg utnytting av tiltaksmidlane på dette området.

#### Kontroll og registreringar

Ferdige byggetiltak bør kontrollerast opp mot gitt dispensasjon, og ny status for det aktuelle anlegget bør oppdaterast.

Registrering av sårbare artar bør vidareførast, m.a. med sjekk av utvalde hekkelokalitetar og oppfølging av situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen. Reinstammen blir vurdert som svært sårbar. Dette er arbeid som i stor grad kan kombinerast med andre oppsynsoppgåver.

### **Oppsummering**

Det er i tiltaksplanen lagt opp til at alle prioriterte innfallsportar skal ha tilrettelegging i tråd med merkevaren, og behovet for nye stativ er vurdert på kvar enkelt plass. Tiltak for å motverke slitasje og erosjon på stinettet er eit kontinuerleg behov i det mest trafikkerte områda.

Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak som det er søkt om når ein ser endeleg tildeling. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut att tiltak. På enkelte større tiltak kan det vera aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2022 vil bli gjort ved framlegging av ny sak til nasjonalparkstyret på etterjulsvinteren.

## **ST 42/2021 Eventuelt**